

Årsrapport 2017



Lotteri- og
stiftelsestilsynet

Alle bilda i årsrapporten har motiv frå Førde i Sunnfjord.

Bilda på side 9, 20 24-25, og 35 er tatt av fotograf Alf Vidar Sneland, Førde.

Omslagsbildet og resten av naturbilda er tatt av fotograf Jostein Vedvik, Førde.

Fire portrettfoto på side 7 (B. M. Øen, S. H. Longvastøl, L. V. Westbye og E. Berge) er tatt av fotograf Dagrun Reiakvam, Førde. Dei andre tre er tatt av fotograf Arve Ullebø, Høyanger.

Grunnlagsdata for tal og statistikkar i årsrapporten finn du på nettstaden vår; www.lottstift.no

Innhold

■ Del I - Introduksjon

Introduksjon til verksemda	4
Organisasjonskart.....	6
Leiargruppa.....	7

■ Del II - Oppsummering

Direktørens innleiing.....	8
----------------------------	---

■ Del III - Aktivitetar og resultat

Lotteritilsynet pengespel	10
Lotteritilsynet frivilligheit	16
Stiftelsestilsynet	22
Brukarundersøking og brukardialog	28
Digitalisering	30

■ Del IV - Styring og kontroll





Styring og kontroll i verksemda	32
---------------------------------------	----

■ Del V - Framtidsutsikter

Vurdering av framtida	36
-----------------------------	----

■ Del VI - Årsrekneskap

Leiinga sin kommentar.....	38
Prinsippnote til årsrekneskapen.....	39
Bevilgningsrapport for 2017	40
Artskontorapport for 2017	42
Notar.....	43



Introduksjon til verksemda

Lotteri- og stiftelsestilsynet ligg i Førde i Sogn og Fjordane, og er staten sitt forvaltningsorgan på lotteri- og stiftelsesområdet. Vi er underlagt Kulturdepartementet og består av to fagtilsyn med felles administrasjon og direktør. Tilsynet er sjølvfinansiert med gebyr og avgifter.

Stiftelsestilsynet fører tilsyn med norske stiftelsar. I tillegg godkjenner vi endringar i private beslagsforbod, bandlagt pliktdelsarv og samvirkeforetak. Stiftelsestilsynet arbeider for å skape tillit til stiftelsar som organisasjonsform og deler kunnskap om rolla stiftelsar spelar i det norske samfunnet.

Lotteritilsynet fører tilsyn og kontroll med dei statlege pengespela og den private lotteri-marknaden. Lotteritilsynet er også tilsynsorgan for Grasrotandelen. Vi forvaltar ordninga med kompensasjon av meirverdiavgift til frivillige lag og organisasjonar samt bygging av idrettsanlegg. Ansvaret for å drifte den nasjonale eininga for arbeid mot manipulering av idrettskonkurransar er også lagt til Lotteritilsynet.

Tre nasjonale register blir drifta av Lotteri- og stiftelsestilsynet. Alle norske stiftelsar er registrerte i Stiftelsesregisteret, medan informasjon om lag og organisasjonar som har løyve til å skaffe seg lotterinntekter, er samla i Lotteriregisteret. Tilsynet har også utvikla og driftar det nye Anleggsregisteret, som inneld opplysningar om Kulturdepartementets tilskotsordningar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet og kulturbygg. I alle registera kan publikum søke fram ulike typar informasjon.

Tilsynet sine oppgåver

Tildelingsbrevet for 2017 definerer Lotteri- og stiftelsestilsynet sine mål slik:

- førebygge negative konsekvensar av lotteri- og pengespeltilbodet i Noreg og vareta omsynet til speleavhengige
- sikre ei forsvarleg forvaltning av lotteri i tråd med gjeldande regelverk, og at inntektene frå pengespel og lotteri går til ideelle formål
- sikre ei lovleg forvaltning av stiftelsar
- sikre ei forsvarleg forvaltning av ordningane for momskompensasjon for frivillige organisasjonar og bygging av idrettsanlegg, og for tilskotsordninga for samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar og Grasrotandelen

Oppfølging av desse måla er nærare konkretisert slik:

- gjennomføre effektive tilsyns- og kontrolltiltak der risikoen for, og konsekvensane av, brot på regelverk er store
- sikre kontinuerleg utvikling av fagområda og formidle relevant informasjon til alle interessentar
- vidareutvikle dei ulike registera
- førebygge speleproblem og bidra til å redusere negative konsekvensar av uheldig speleåtferd
- sikre ei effektiv drift av den nasjonale eininga for arbeid mot manipulering av idrettskonkurransar, og utvikle eit nært og godt samarbeid mellom den nasjonale eininga og alle partar på dette området


Budsjettramme for 2017

Budsjettramma for Lotteri- og stiftelsestilsynet i 2017 var:

Inntekter:

- | | |
|---|---------------|
| • Gebyr og oppdrag (inkl. handlingsplanmidlar): | kr 20 751 890 |
| • Årsavgift frå stiftelsar: | kr 24 282 169 |
| • Refusjon – Norsk Tipping og Norsk Rikstoto: | kr 39 461 000 |






Samarbeidsorgan og forum Lotteri- og stiftelsestilsynet deltar i:

- lokalt: IT-Forum Sogn og Fjordane, Framtidsfylket
- nasjonalt: Brønnøysundregistra, politiet, Medietilsynet, Forbrukarombodet, Finanstilsynet, ulike bransjeforeiningar m.m.
- internasjonalt: nordiske styresmakter på pengespel- og stiftelsesfeltet, GREF, IAGR, EFC, Network of National Platforms

Organisasjonen i 2017



Tabell 1: Utvalde nøkkeltal

Tabellen syner tal for Lotteri- og stiftelsestilsynet sine kjerneområde.

	2014	2015	2016	2017
Tal lotterigodkjende organisasjonar	5 285	5 412	5 350	5 373
Tal organisasjonar med inntekter frå bingo	3 657	3 683	3 530	3 503
Tal registrerte stiftelsar	7 311	7 139	6 968	6 814
Tal næringsdrivande stiftelsar	843	863	844	824
Tal søknader om momskompensasjon frå frivillige organisasjonar	1 189	1 351	1 448	1 584
Tal søknader om momskompensasjon for idrettsanlegg	324	461	419	512
Tal journalførte saker i tilsynet samla	30 198	30 803	30 322	29 550
Tal unike besøkande på tilsynets nettsider	92 110	90 186	98 746	139 997
Tal oppringingar til Hjelpelinja for speleavhengige	933	847	840	1 019

Tabell 2: Utvalde nøkkeltal frå årsrekneskapen

Tabellen syner nøkkeltal basert på informasjon frå del VI, årsrekneskapen.

Nøkkeltal frå årsrekneskapen	2014	2015	2016	2017
Tal årsverk	62	61	68	67
Samla utgiftsløyving inkl. tilskotsordningar	1 383 539 000	1 482 230 675	1 570 844 000	1 584 306 000
Rekneskapsførte driftsutgifter	74 371 327	74 536 262	77 560 415	92 703 950
Lønsdel av driftsutgifter (pst.)	57,7	57,8	61,1	59,3
Løn og sosiale utgifter per årsverk	692 285	705 928	696 467	820 483*
Samla rekneskapsførte inntekter	91 264 377	87 916 350	87 969 526	85 297 794

*Frå 2017 inngår pensjonspremie til SPK, jf. note 2 til rekneskapen.

Leiargruppa i 2017



Atle Hamar, direktør i Lotteri- og stiftelsestilsynet

- tilsett i 2001, direktør sidan starten
- frå januar 2018: statssekretær i Miljø- og klimadepartementet
- utdanning: adjunkt med mellomfag i samfunnsvitenskap
- har vore distriktsarbeidssjef i Indre Sunnfjord, statssekretær i Justisdepartementet og politisk rådgivar i Samferdsledepartementet under regjeringa Bondevik I
- fødd i 1963 og kjem frå Jølster

Bjørn Morten Øen, avdelingsdirektør for administrasjon i Lotteri- og stiftelsestilsynet

- tilsett i 2013 som avd.dir. og NK i Lotteri- og stiftelsestilsynet
- frå januar 2018: fungerande direktør
- utdanning: spesialsjukepleiar, organisasjon og leiing, nasjonalt toppleiarprogram
- har lang erfaring som leiar i spesialisthelsetenesta
- fødd i 1963 og kjem frå Gloppen



Siw Heggedal Longvastøl, avdelingsdirektør i Stiftelsestilsynet

- tilsett i 2015 som avd.dir. i Stiftelsestilsynet
- utdanning: cand.mag. i planlegging og økonomi
- har lang erfaring frå næringsutvikling, entreprenørskap og offentleg forvaltning, sist som diplomat og leiar for Innovasjon Norges kontor i Sør-Afrika
- fødd i 1962 og kjem frå Volda



Linda Vøllestad Westbye, avdelingsdirektør i Lotteritilsynet pengespel

- tilsett i Lotteritilsynet i 2009
- avd.dir. for Lotteritilsynet pengespel sidan 2014
- utdanning: master i sosialantropologi
- har jobba i Landsforeningen for Trafikkskadde og ved Universitetet i Bergen
- fødd i 1979 og kjem frå Drangedal



Elna Berge, avdelingsdirektør i Lotteritilsynet frivillighet

- tilsett i 2001, då som leiar for juridisk avdeling, seinare avd.dir. i Lotteritilsynet
- avd.dir. for Lotteritilsynet frivillighet sidan 2014
- utdanning: cand.jur., grunnfag i coaching og relasjonsleiing
- har vore underdirektør i Oslo kretsfengsel og politiinspektør i Fjordane politidistrikt
- fødd i 1956 og kjem frå Selje



Anne-Mette Hjelle, kommunikasjonsdirektør i Lotteri- og stiftelsestilsynet

- tilsett i 2011 som kommunikasjonsdirektør
- utdanning: m.a. masterprogram i endringsleiing og digital kommunikasjonsleiing frå BI, UiO og American University i Paris
- har lang erfaring som journalist i ulike aviser og NRK og som kommunikasjonsrådgivar med eige selskap
- fødd i 1963 og kjem frå Gloppen



Kåre Eide, fagdirektør for IT-utvikling i Lotteri- og stiftelsestilsynet

- tilsett i 2001, sidan 2010 leiar for IT-utvikling
- permisjon frå november 2017
- utdanning: siv.ing. i maskinteknikk
- har erfaring med engineering frå olje- og gassindustrien
- fødd i 1973 og kjem frå Førde



Direktørens innleiing

Stortinget vedtok i fjor å vidareføre dagens pengespelmodell. Likevel er det på dette området vi blir utfordra mest. Samfunnet er i stor endring, og 2017 baud på store og ressurskrevjande saker både for Stiftelsestilsynet og Lotteritilsynet.

Trass nokre stabile trekk har også 2017 vore eit år med endring og omstilling. Samfunnet endrar seg. Teknologien endrar seg. Vi endrar oss. Også brukarane våre går meir og meir over til digitale flater, noko vi m.a. ser i tal organisasjonar som rapporterer rekneskap via Altinn, auken i trafikk på nettstaden vår, auken i bruk av digitale skjema og opplevd nedgang i tal telefonar og brev. Teknologisk utvikling og eit samfunn i rask endring er utfordrande for oss som tilsyn, og det krev at vi utviklar oss i same takt på alle område. Som tilsyn må vi vere proaktive. Vi må vere målretta og framtidsorienterte når det gjeld rekruttering og kompetanse, og vi må gjere gode prioriteringar for korleis vi best kan nytte ressursane våre.

Endring

Rask utvikling krev rask endring, og vi reviderer strategien vår kvart år. Strategien hjelper oss med å arbeide systematisk og målretta. Vi skal tilby brukarvenleg sjølvbetening, auke kunnskapsproduksjonen og -formidlinga på våre fagområde, gjere meir tilsynsarbeid gjennom fornying og effektivisering, sikre at vi er ein attraktiv arbeidsplass med kultur for endring, og styre heilskapleg. Vi gjer det ved hjelp av verdiane våre: truverdige, hjelpsame og samhandlande. Vi gjer det gjennom å modernisere og digitalisere arbeidsprosessane våre for å frigjere tid og ressursar til samfunnsoppgavet vårt. Og vi gjer det gjennom organisasjonsendring for å tilpasse oss til stadig meir komplekse fagområde. I 2017 starta vi derfor arbeidet med å omorganisere Lotteritilsynet og IT-avdelingane våre.

Sjølv om våre 73 tilsette opplever høg endringstakt, er dei økonomiske rammene relativt stabile. Rekneskapen vår ved årsslutt viser at driftsnivået vårt er tilpassa tilsynets utgiftsrammer og inntektsmodell. Samstundes ser vi at satsinga på utvikling av effektive og brukarvenlege systemløysingar kostar. Dette gjeld både eigne ressursar og tenestekjøp. Det er ei kjensgjerning at vi må investere for å oppnå ønskt effektivisering, og her

er gode planar avgjerande for å treffe mål. Satsing på moderne digitale løysingar til nytte for brukarane står like fullt høgt på prioriteringslista, og kjem til å gjere det også i framtida.

Anleggsregister i ny versjon

Eit eksempel på ei slik satsing er at vi dei siste par åra har lagt ned mykje arbeid i å utvikle ei ny digital løysing for handtering av Kulturdepartementets tilskotsordningar til anlegg for idrett, fysisk aktivitet og kulturbygg. Første versjon blei lansert i 2017. Jobben med å utvikle løysinga har vore gjort på oppdrag frå og i tett dialog med departementet og brukarane, og tilsynet har også fått ansvar for å drifte løysinga.

Vi arbeider mykje med frivillig sektor, og det å bidra til at frivillige organisasjonar får brukarvenlege løysingar, er heilt i tråd med vår strategi. Nytt anleggsregister er òg eit døme på at godt samarbeid med bruk av ulike typar kompetanse gir gode sluttresultat. Vi er stolte av å ha bidratt til utviklinga av eit godt anleggsregister.

Pengespelfeltet krev ressursar

Pengespelmarknaden er i stor grad prega av globalisering og teknologiutvikling, noko som utfordrar samfunnsoppgavet vårt. Her er vi til stades på mange arenaer for å vareta rolla som tilsyn. Vi deltar og har leiande verv i internasjonale samarbeidsforum, og vi støttar aktivt opp om departementet sitt reguleringsarbeid. Å oppdage, vurdere og reagere overfor aktørar som etter lova ikkje skal ha innpass på den norske pengespelmarknaden, er eit av våre mest krevjande område. Likevel viser pengespelstatistikken at marknaden er relativt stabil.

Det meir tradisjonelle lotteriområdet, som omfattar bingo og lotteri, har dei seinare åra vore utan store svingingar. Vi har i dag drygt 5 400 lotterigodkjende organisasjonar. Inntekter frå bingo gir eit vesentleg bidrag til økonomien i eit stort tal frivillige organisasjonar. Meir enn 3 500 organisasjonar har i dag inntekter frå bingo, og dette talet har vore stabilt.

Ordningane for momskompensasjon som tilsynet forvaltar, har i tal søknader og samla beløp auka jamt. Stortinget er opptatt av rammesvilkåra for frivillig sektor, og rammene for dei kompensasjonsordningane som vi forvaltar, har blitt utvida for å møte behovet. Dette er det området i Lotteri- og stiftelsestilsynet som dei siste fem åra har hatt den prosentvis største auken målt i saksmengde. Samtidig har vi gjennom å effektivisere arbeidsprosessar greidd å halde administrasjonsdelen for tilskotsordningane på eit svært lågt nivå. På den måten kan auka løyvingar til frivillig sektor i sin heilskap gå til formålet.

Eit handlekraftig stiftelsestilsyn

Stiftelsar som ikkje følgjer lova undergrev den viktige samfunnsrolla stiftelsesordninga har. Stiftelsestilsynet har dei siste åra lagt vekt på å frigjere ressursar frå søknadshandsaming til aktivt tilsyn. Stiftelsestilsynet ser på om stiftelsen driv forsvarleg og i samsvar med Stiftelseslova og vedtektene. I mange saker avgrensar tilsynet seg til kritikk, som styret følgjer opp. Dersom det er vesentlege avvik tek tilsynet grep, og iverkset tiltak. I 2017 har Stiftelsestilsynet avsett sju styre. Tre av vedtaka er framleis under klagehandsaming. I tillegg har styret i tre stiftelsar gått frivillig etter varsel om avsetting.

Stiftelsestilsynet ønskjer å dele og utveksle kunnskap med stiftelsar i Noreg. Eit tiltak for kunnskapsbygginga er stiftelseskonferansen, som blei arrangert for sjetteste gong i 2017. Denne gongen var omdøme, etikk og god kommunikasjon tema. Gode evalueringar på fagleg innhald og konferansen som arena og møteplass, viser at stiftelseskonferansen er ein vellukka strategi for dialog og kunnskapsdeling.

Internkontroll og heilskapleg styring

I seinare år har tilsynet arbeidd mykje med internkontroll. Gode styringssystem, kvalitets- og avvikssystem og ikkje minst god gjennomføring av internkontroll i verksemda er viktige tiltak. Vi innførte mot slutten av året eit nytt system for verksemdsstyring. Systemløysinga omfattar per i dag verksemdsplan, risikovurderingar og rapportering. Målet er å samle alle slike element i ei og same løysing, og såleis bidra til å sikre heilskapleg styring av verksemda.

Hausten 2017 sette vi i gang med kompetanseoppbygging og planlegging knytt til den nye personvernlovgivinga, GDPR. Som eit første ledd i denne jobben har vi tilsett eit personvernombod. Riksrevisjonen har etter revisjon ingen merknader.

Trivsel er viktig

Vi gjennomfører årleg ei medarbeidarundersøking som gir auka kunnskap om arbeidsmiljøet og dei tilsette si oppleving av arbeidssituasjonen i tilsynet. Dei tilsette er den viktigaste ressursen vi har, og resultatet viser framgang samanlikna med tidlegare.

Det er gledeleg at sjukefråværet også i 2017 var lågt, og den positive utviklinga har stabilisert seg på eit sjukefråvær på 3,1 %. Det er elles bra for organisasjonen at vi har god balanse mellom menn og kvinner (50/50).

Lotteri- og stiftelsestilsynet har gode medarbeidarar med høg kompetanse som kvar dag gjer sitt beste for at vi skal løyse samfunnsoppgavet på ein god måte.

Førde, mars 2018



Bjørn Morten Øen,
fungerande direktør i Lotteri- og stiftelsestilsynet



Tilsyn med den norske pengespelmarknaden

Lotteritilsynet gjennomførte fire tilsyn mot speloperatørene Norsk Tipping og Norsk Rikstoto i 2017. Streng offentlig kontroll er eit viktig prinsipp når vi vel tilsynsområde ut frå ei risiko- og vesentlegheitsvurdering.

Norsk Tipping

I 2017 gjennomførte vi to revisjonar hos Norsk Tipping.

Revisjon av Norsk Tippings rammeverk for ansvarleg spel viste at selskapet har system for å førebygge, oppdage og reagere på uheldig speleåttferd. Revisjonen viste at selskapet sine tilsette samhandlar aktivt på tvers av avdelingane for å bidra til ei ansvarleg spelverksemd, og at totalgrensa for tap per måned på tvers av alle spel har hatt effekt for dei spelarane som taper mest. Trass i at Norsk Tippings påloggingssystem har høgaste sikkerheitsnivå for identifisering av spelarar, viser det seg at nokså mange spelarar bruker andre sine spelarkort og PIN-kodar, slik at dei kan omgå tapsgrenser og andre ansvarlegheitstiltak. Bruk av andre sine spelarkort undergrev føresetnadene for tapsgrenser, pauseverktøy og utestenging frå spel hos Norsk Tipping, og det er behov for å innføre tiltak som bidrar til at rammeverket for ansvarleg spel ikkje blir svekt. Revisjonen avdekte vidare at Norsk Tipping kan bli flinkare til å nå ut til kommisjonærane sine med informasjon om ansvarleg spelverksemd. Reultatet av revisjonen var to avvik og to merknader.

Revisjon av marknadsføring og distribusjon av spel gjennom elektroniske kanalar hos Norsk Tipping viste at regelverket er godt forankra hos dei tilsette, og at selskapet har system for korleis aktivitetar skal planleggast, organiserast, utførast, evaluerast og følgast opp. Men revisjonen avdekte at selskapet bør etablere ytterlegare kontrollaktivitetar internt for å sikre at marknadskommunikasjonen samsvarer med føringane i retningslinjer for marknadsføring. Revisjonen avdekte vidare at Norsk Tipping bør innføre tiltak som sikrar at kommisjonærane har tilstrekkeleg kunnskap om marknadsføringsreglementet. Totalt resulterte revisjonen i fire avvik og fire merknader.

Norsk Rikstoto

Vi gjennomførte to revisjonar hos Norsk Rikstoto i 2017.

Revisjon av marknadsføring og distribusjon av spel gjennom elektroniske kanalar hos Norsk Rikstoto viste at dei har kontrollaktivitetar som skal bidra til at marknadskommunikasjonen samsvarer med føringane i retningslinjer for marknadsføring. Revisjonen viste at innlegg på e-kommisjonærane sine spelsider og eigenprodusert marknadsmateriell hos fysiske kommisjonærar samsvarer med krav til marknadsføring. Men

kontrollane avdekte at Norsk Rikstoto må etablere ytterlegare kontrollaktivitetar som sikrar at krav til marknadsføring blir varetatt i eigne distribusjonskanalar, og at informasjon om marknadsføringsregelverket når ut til dei fysiske kommisjonærane. Totalt resulterte revisjonen i seks avvik og seks merknader.

Revisjon av fysiske kommisjonærar sin kompetanse om totalisatorspel viste at Norsk Rikstoto har kontrollaktivitetar som bidrar til at sal og oppfølging av totalisatorspel i kommisjonærkanalen skjer i samsvar med myndigheitskrav. Revisjonen viste at Norsk Rikstoto i stor grad varetar spelsikkerheita, og at dei har sett i verk ytterlegare tiltak som bidrar til å redusere risikoen for spel på kreditt. På bakgrunn av nye konsesjonskrav fekk Lotteritilsynet presentert Norsk Rikstoto sitt mål for speldistribusjonen, og korleis konsesjonen skal operasjonaliserast og implementerast hos kommisjonærane. Konklusjonen er at Norsk Rikstoto bør innføre tiltak som sikrar at nødvendig informasjon når ut til kundar og tilsette i kommisjonærkanalen. I tillegg bør dei styrke opplæringa hos kommisjonærane og sikre at spelarar og pårørande får informasjon om hjelpetilbodet for speleavhengige. Resultatet av revisjonen var eitt avvik og tre merknader.

Norsk Tipping og Norsk Rikstoto har utarbeidd planar for oppfølging av avvik og merknader. Tilsynsrapportane er tilgjengelege på nettstaden vår.

Totalgrense på tvers av alle spel

Norsk Tipping har ei totalgrense for tap, på tvers av alle spel, på maksimalt kr 20 000 i månaden per spelar. Grensa blei innført 2. oktober 2016, og selskapet er pålagt å overvake spelarane i lys av grensa samt vurdere forbetringstiltak i rammeverket for ansvarleg spel.

Norsk Rikstoto skal innan 1. januar 2019 innføre ei totalgrense for sine spelarar, men nivået på totalgrensa for totalisatorspel er enno ikkje fastsett. Basert på kunnskap om speleåttferdsdata for totalisatorspel i 2018 skal Norsk Rikstoto foreslå nivå for totalgrense.

Totalgrensa skal fungere som eit sikkerheitsnett for spelarar som har problem med å sette grenser for eige spel.

Les om lotteri- og bingomarknaden på side 16.

Den ulovlege pengespelmarknaden

Lotteritilsynet har i 2017 gjennomført fleire tilsyn mot aktørar som tilbyr, marknadsfører eller formidlar ulovlege pengespel i Noreg. Omfanget er stort, og Lotteritilsynet har prioritert å føre tilsyn med dei mest alvorlege brota på regelverket som vi kan stanse etter gjeldande regelverk.


Lotteritilsynet fekk i 2017 nærare 900 tips om ulovlege pengespel. Dei fleste tipsa gjaldt ulovleg marknadsføring og formidling av pengespel på norske nettsider. Vi merka også ein auke i tips om ulovleg marknadsføring og formidling av pengespel i norske nettaviser, på e-post og via tekstmelding til nordmenn.

Fleire pengespelskap bryt norsk lov

Fleire titals utanlandske pengespelskap tilbyr, marknadsfører og formidlar pengespel i Noreg i strid med norsk lov. Dei fleste spelselskapa er klar over at dei bryt norsk lov, men omgår regelverket ved å drive den ulovlege verksemda frå utlandet. Dette gjer tilsynsarbeidet til Lotteritilsynet krevjande, då det er vanskeleg å få gjennomslag for våre vedtak over landegrensene. For å avgrense omfanget av ulovlege pengespel i Noreg har Lotteritilsynet i 2017 derfor intensivert tilsynet med å stoppe betalingsformidling av innskott og gevinstar frå norske bankar til pengespelskap utan løyve i Noreg (sjå eigen artikkel).

Ulovleg pengespelreklame på TV aukar

Den totale marknaden for pengespelreklame på TV heldt fram med å auke i 2017. Tal frå Medietilsynet viser at utanlandske pengespelskap i 2017 brukte om lag 866 millionar bruttokroner på TV-reklame som er ulovleg etter norske reglar. Ved å sende reklamen på TV frå utlandet omgår dei utan-



Kjelde: Medietilsynet

landske pengespelselskapa dei norske reglane. Kulturdepartementet har no sett i gang arbeid for å stanse denne reklamen. Lotteritilsynet og Medietilsynet hjelper departementet i arbeidet.

Ulovleg pengespelreklame i andre medium

Lotteritilsynet intensiverte i 2017 tilsynet med ulovlege annonsar i norske nettaviser for pengespel som ikkje har løyve i Noreg. Bakgrunnen for tilsynet var at vi har registrert ein auke i omfanget av slike ulovlege annonsar. Annonsane når ut til mange og er direkte retta mot potensielle spelarar og risiko- og problemspelarar. Det er særleg bruken av programmatisk annonsering som gjer at omfanget av slike ulovlege annonsar har auka dei siste åra. Programmatisk annonsering er automatiserte kjøp og sal av nettannonsar via digitale børsar. Nettavisene legg ut ledig annonseplass på børsen, og annonsørar legg inn bod på annonseplass etter bestemte mål og kriterium. Annonseleverandørar og norske mediehus har lagt inn tekniske blokkeringar for pengespel som ikkje har løyve i Noreg, men utanlandske pengespelskap omgår desse på ulike måtar. Norske nettaviser tar dette problemet på alvor og aksjonerer raskt når ulovlege annonsar slepp gjennom filtera. Lotteritilsynet registrerer at det framleis blir annonsert for utanlandske pengespelselskap i norske nettaviser, og tilsynet vil bli vidareført i 2018.

I 2017 gjennomførte vi også mange tilsyn med norske aktørar som driv ulovleg marknadsføring og formidling av pengespel på norske nettsider (affiliates). Gjennom tilsyn har vi avdekt over 500 nettsider som inneheld ulovleg reklame for og lenker til kasinoportalar og utanlandske pengespelselskap. Dette utgjer berre ein avgrensa del av det totale omfanget. Lotteritilsynet har fått stansa ulovleg marknadsføring og formidling av pengespel på fleire titals norske nettsider, og vi har pågåande tilsynssaker for om lag 250 slike nettsider. Tilsynet viser at marknaden har endra seg. Det har blitt fleire aktørar som driv slik ulovleg verksemd i stort omfang.

Lotteritilsynet har også i 2017 ført tilsyn med ulovleg reklame for utanlandske pengespelselskap på Facebook. Gjennom tilsynet har vi fått fjerna dei utanlandske pengespelselskapa sine norske sider på Facebook.

Kampfiksingseininga gir effekt

Kampfiksingseininga bidrar med kunnskap og kompetanse.

Kampfiksingseininga skal løyse oppgåver vi er pålagde gjennom europarådskonvensjonen mot manipulering av idrettskonkurransar og Nasjonal handlingsplan mot kampfiksing i idretten. Den primære oppgåva til eininga er å avdekke manipulering av idrettskonkurransar. Eininga har også som oppgåve å spreie kunnskap om temaet og å koordinere dei ulike aktørane i Noreg.

Effekt hos idretten

Eit godt samarbeid med idretten er avgjerande. Ei viktig oppgåve for kampfiksingseininga er å tilføre idretten meir generell kunnskap om temaet, men også å bidra til å undersøke og granske konkrete saker. Gjennom granskningar har eininga levert

nødvendig informasjon til idretten i desse sakene. Bidraga har resultert i sanksjonar hos idrettens eige domsutval.

I 2017 har eininga òg sett søkelyset på førebyggjande arbeid mot resultatmanipulering. Dette er ein viktig del av arbeidet, då kunnskap, opplæring og utdanning av aktørar i idretten bidrar til bevisstgjerung.

Eininga har i 2017 registrert 34 tips og alarmer (alarm betyr i denne samanheng melding om ulike bevegelser i spelmarknaden). Talet har auka frå 2016. Ein synlegare profil og auka bevisstgjerung meiner vi er årsaka til auken i saker.


Omsetning på norsk idrett

For å kunne seie noko om omfanget av manipulering av idrettskonkurransar i Noreg treng vi kunnskap om området. Noko av det eininga skal gjere, er å auke kunnskapsnivået om norsk idrett og den norske spelmarknaden. I 2017 er det gjort overslag over omsetninga frå spel på norsk idrett hos utandlandske spelselskap. Rapporten viser at det i spelmarknaden blir omsett for svært mykje pengar på norsk idrett. Når det er mykje pengar i omløp, er det sjølvstøtt fare for manipulering med mål om å profitere på pengespelmarknaden.

I 2018 vil eininga gjennomføre ei spørjeundersøking i Noreg for å få enda meir kunnskap om temaet.

Noreg er eit føregangsland i Europa på dette området, og eininga vil utvikle samarbeidet på tvers av landegrensene m.a. ved å delta i internasjonale forum.

Tips og alarmer om kampfiksing



DET SKJER I 2018

- bidra i lovarbeid for ny felles pengespellov
- høyring om endringar i betalingsformidlingsforbodet
- gjennomføre revisjonsbasert tilsyn med Norsk Tipping og Norsk Rikstoto
- førebu og etablere kvitvaskingstilsyn
- arrangere speleansvarskonferanse
- publisere ny rapport om marknadsføring og effekt på pengespelproblem
- levere forslag til ny handlingsplan mot speleproblem

Hindre ulovleg betalingsformidling

Lotteritilsynet har i 2017 jobba med å få eit meir effektivt forbod mot betalingsformidling frå norske bankar til pengespelselskap utan løyve i Noreg.

Forbodet går i hovudsak ut på at bankane skal stoppe transaksjonar med betalingskort, til dømes VISA og Mastercard, mellom norske spelarar og utanlandske pengespelselskap. Det skjer ved at betalningar som har brukarstadskode for pengespel, blir stoppa.

Tredjepartsselskap

Utanlandske pengespelselskap bruker i stor grad tredjepartsselskap med annan kode enn for pengespel. Det har ført til at nordmenn sin tilgang til utanlandske pengespel på nett er tilnærma uavgrensa, trass i forbodet mot formidling av betalinga.

Effektivisering av forbodet

Lotteritilsynet har i 2015–2018 informert alle typar aktørar, m.a. bankar, utanlandske betalingsformidlarar og andre offentlege organ, om forbodet og om kva dei kan og må gjere for å hindre ulovleg formidling av pengespel. Vi veit no mykje om kven dei utanlandske betalingsformidlarane er, og vi har vore i dialog med mange av dei. Vi har oppnådd at nokre aktørar har sett i verk tiltak for å hindre formidling basert på informasjon frå oss.

I 2017 har vi sendt fire vedtak til norske bankar og finansinstitusjonar om å stoppe betalingstransaksjonar knytt til pengespel til og frå utanlandske

pengespelselskap på nett. Bakgrunnen for vedtaka er at vi gjennom tilsyn med forbodet fann ni kontonummer som høyrer til utanlandske selskap som gjennomfører betalingsformidling på vegner av utanlandske spelselskap.

Arbeidet er høgt prioritert

Lotteritilsynet prioriterer arbeidet med å stanse betalingsformidlinga til utanlandske pengespelselskap og vil halde fram med dette i 2018. Regjeringa har i stortingsmeldinga «Alt å vinne» i 2016 konkludert med at: «Departementet vil sende på høyring forslag om regelverksendringar som kan gjere forbodet mot betalingsformidling meir effektivt».

Lotteritilsynet har fått i oppdrag av Kulturdepartementet å lage forslag til endringar i forskrifta og å gjennomføre høyringa. Forskriftsendringane blir sende på høyring våren 2018.

Nasjonalt kompetansesenter for spelforskning

I 2017 blei Nasjonalt kompetansesenter for spelforskning oppretta ved Universitetet i Bergen i eit samarbeid mellom Helsedirektoratet og Lotteritilsynet.

Ifølgje dåverande kulturminister Linda Hofstad Helleland skal dette vere eit senter som samlar kunnskap om og forskning på pengespel- og dataspelområdet. Senteret skal også bygge opp og styrke forskingsnettverk. Senteret er lagt til institutt for samfunnspsykologi – eit miljø som allereie er leiande i Noreg innan spelforskning. Kompetansesenteret er oppretta som eit tiltak i regjeringa sin handlingsplan mot speleproblem, og senterleiar er professor Ståle Pallesen.

Forskingfeltet er vidt og spenner frå speleåtfærd og speleavhengigheit til behandling.

Senteret skal ha ein rådgivande funksjon for aktuelle aktørar på spel- og behandlingfeltet, og skal også peike på nye forskingsbehov.

Forskarane ved senteret arbeider no med ein rapport for Helsedirektoratet om helsemessige utfordringar for personar med speleproblem, inkludert samanhengen mellom speleavhengigheit og rusmiddelproblem og andre psykiske plager.


Meir om kompetansesenteret finn du på:
<http://www.uib.no/spillforsk>

Store jobbar i 2017

Tilsyn mot pyramidespel

Lotteritilsynets arbeid med pyramidespel i 2017 var først og fremst informasjonsretta. Lotteritilsynet blei i 2017 kontakta om lag 230 gonger med tips og spørsmål om pyramidespel.

Om lag 2 000 tok pyramidetesten på Lotteritilsynet si nettside i 2017. Over 500 av dei som tok testen, valde å legge inn namn på det selskapet dei søkte informasjon om.



Lotteritilsynet oppretta tilsyn med Lyonesse i 2017 og har no varsla at vi vil fatte vedtak med pålegg om stans av selskapet si verksemd i Noreg etter pyramideføresegna i lotterilova § 16. Varselet om vedtak er retta mot Lyonesse Europe AG og Lyonesse Norway AS, men vil også ramme 150 000 norske deltakarar og 1 000 lojalitetsbedrifter som inngår i omsetningssystemet til Lyonesse i Noreg.

I 2016 blei det slått fast i ein dom frå Oslo tingrett at selskapet World Ventures var eit ulovleg pyramidespel. Saka kom opp for domstolen etter at Lotteritilsynet i 2014 hadde konkludert med at selskapet dreiv ulovleg pyramidespel, og vi gjorde vedtak om at dei måtte stanse verksemda si i Noreg. Dommen i Oslo tingrett er anka og skal opp for Borgarting lagmannsrett i februar 2018.

Oppfølging av ny konsesjon til Norsk Rikstoto

Norsk Rikstoto blei tildelt ny konsesjon for totalisatorspel gjeldande frå 1. januar 2017 og i inntil fem år. Lotteritilsynet har hatt jamleg oppfølging av Norsk Rikstoto i samband med fornya konsesjon. Alt totalisatorspel skal frå 1. januar 2018 skje registrert i alle salskanalar, også hos dei fysiske kommisjonærane Norsk Rikstoto har avtale med. Fordelane med registrert spel og eit rammeverk for ansvarleg spel er blant anna at ein kan overvake og oppdage uheldig speleåtfærd hos enkeltpelarar og reagere med individuelt tilpassa tiltak. Lotteritilsynet har i 2017 understreka overfor Norsk Rikstoto kor viktig det er å ha sikre løysningar for registrert spel, og at verktøy for ansvarleg spel gir innsikt i uheldig speleåtfærd.

Speleåtfærdsdata frå rammeverket dannar grunnlaget for etablering av ei totalgrense for totalisatorspel innan 1. januar 2019.

Stortingsmeldinga «Alt å vinne»

Den 16. desember 2016 leverte kulturminister Linda Hofstad Helleland ei stortingsmelding om regulering av pengespel på vegner av regjeringa: Meld. St. 12 (2016–2017) – «Alt å vinne». Dette er den første prinsipielle og heilskaplege gjennomgangen av lotteri- og pengespelefeltet sidan 2003.

Meldinga legg opp til ein heilskapleg modell for regulering av pengespel som vil stå seg i møte med den teknologiske utviklinga. Hovudmålet er å sikre at lotteri og pengespel blir tilbydde i trygge og ansvarlege former for å avgrense uheldig speleåtfærd. Regjeringa vil vidareføre dagens modell på pengespelefeltet.

Det vil seie at Norsk Tipping og Norsk Rikstoto framleis skal ha einerett på å tilby pengespel. Samstundes vil regjeringa styrke den norske einerettsmodellen. Reguleringa av pengespelepolitikken skal samlast i ei lov som skal gjelde for alle lotteri og pengespel, og Kulturdepartementet skal i framtida ha ansvaret for heile pengespelefeltet.

I mai 2017 blei meldinga handsama av familie- og kulturkomiteen, og vedtatt i Stortinget. Lotteritilsynet hjelper Kulturdepartementet i oppfølgingsarbeidet og har lånt ut ressursar til lovarbeidet.

Informasjonskampanje

Lotteritilsynet gjennomførte hausten 2017 ein informasjonskampanje i sosiale medium om utanlandske pengespeleselskap. Dette følger opp tiltak frå handlingsplanen mot speleproblem 2016–2018 om å gjennomføre informasjonsretta arbeid som aukar kunnskapen om kva som er lov og ikkje lov på pengespelefeltet i Noreg.


Målet med kampanjen var å informere om risikoen ved å spele pengespel som ikkje har løyve i Noreg. Målgruppa for kampanjen var menn i alderen 18–30 år, som er ei risikogruppe når det gjeld speleproblem.

I samarbeid med eit eksternt kommunikasjonsbyrå laga vi to filmar som blei publiserte på YouTube og Facebook, samt viste til informasjon på Lotteritilsynet sine nettsider om risikoen ved å spele pengespel som ikkje har løyve i Noreg. Filmene nådde ut til

ca 340 000 i kampanjeperioden, der omlag 45 000 av målgruppa såg filmen frå start til slutt. Undersøkingar som Lotteritilsynet har gjennomført, viser at om lag 45 % av nordmenn trur at utanlandske pengespelselskap har lov til å tilby pengespel i Noreg, og dette viser behov for meir målretta informasjon om det norske regelverket.

Kunnskap om lovlege/ulovlege pengespel i Noreg

Spørsmål: Har andre enn NT/RT lov å tilby pengespel i Noreg?



NM i turneringspoker

NM i turneringspoker blei arrangert for tredje gong i 2017. Lotteritilsynet har gjennomført tilsyn med arrangementet kvart år og hatt ein god dialog med arrangøren i heile perioden. I 2017 var det 4 463 deltakarar under noegsmeisterskapen på Gardermoen.

På oppdrag frå Kulturdepartementet sende Lotteritilsynet i 2017 endringar i regelverket for NM i turneringspoker ut på høyring. Nytt regelverk blei vedtatt av Kulturdepartementet i september. Dei viktigaste endringane var auke i maksimalt innskot frå kr 10 000 til kr 20 000, høve til å ha gevinstar i kvalifiseringsturneringane og auke av entreprenørens del av brutto omsetning til 20 %.

Vi har med bakgrunn i det nye regelverket hatt ei utlysing for nytt løyve i perioden 2018–2020. Nytt løyve blei gitt til Gynkreftforeningen i desember 2017.

Internasjonalt arbeid

Lotteri- og stiftelsestilsynet har bygd opp spesialkompetanse innan tilsyn og forvaltning av lotteri og pengespel i Noreg som er ettertrakta i utanlandske miljø.

Lotteritilsynet får i løpet av året invitasjonar til å delta på ei lang rekke konferansar og forum i utlandet. Vi vurderer invitasjonane opp mot kva slags utbytte deltakinga gir oss, og korleis vi kan bidra.

Internasjonal deltaking og internasjonalt samarbeid kan skje i form av

- deltaking i internasjonale organisasjonar for reguleringsmyndigheiter
- deltaking på internasjonale messer for brukargrupper
- fagleg samarbeid med andre land

Internasjonal deltaking og internasjonalt samarbeid skal vere målretta og gi oss betre kompetanse på både kort og lang sikt. Såleis er det viktig å vurdere tidsbruk og kostnader opp mot formålet samt sjå på kven som skal delta.

Lotteritilsynet er i dag aktive i GREF (Gaming Regulators' European Forum) og IAGR (International Association of Gaming Regulators). Begge er internasjonale medlemsorganisasjonar for styresmakter på pengespelområdet. Både GREF og IAGR arrangerer ein årleg konferanse, men har også arbeidsgrupper som jobbar gjennom heile året for å betre og styrke samarbeidet mellom medlemslanda.

Lotteritilsynet var i 2017 representert med styremedlemmer i både GREF og IAGR. Saman med Kulturdepartementet deltar vi i den europeiske ekspertgruppa på pengespelfeltet, som har faste møte i Brussel. Her møtest representantar frå alle pengespelstyresmaktene i Europa for å diskutere aktuelle tema. Dei nordiske landa har også to årlege møte: eitt på direktørnivå og eitt på sakshandsamarnivå.

Lotteriområdet

Alle organisasjonar som skal ha større lotteri, eller får overskot frå bingo eller spel på skip, må vere godkjende av Lotteritilsynet.

Godkjenning av organisasjonar

Vi godkjende 152 organisasjonar i 2017. Det var flest organisasjonar i kategoriane idrett og interesseorganisasjonar. Ved årsskiftet 2017/2018 var det i alt 5 373 godkjende organisasjonar i Lotteriregisteret.

Autorisasjon av entreprenør

Ein entreprenør er i vår samanheng ein aktør som driv lotteriverksemd på vegner av lotterigodkjende organisasjonar. Det var to nye aktørar som fekk slik autorisasjon i 2017. Ved utgangen av 2017 var det registrert 57 entreprenørar med aktive løyve.

Bingo med entreprenør

Dette er bingoar som blir drivne av profesjonelle aktørar, og der godkjende organisasjonar skal ha delar av overskotet frå bingospela.

I 2017 gav Lotteritilsynet 248 løyve til bingohallar som blei drivne av entreprenørar. Nokre av hallane har fått fleire løyve i løpet av året, slik at talet på hallar var i underkant av 230. Desse løyva gav inntekter til 3 262 organisasjonar. Talet på bingohallar og organisasjonar som får inntekt frå bingo, er stabilt.

Organisasjonar som får bingoinntekter frå entreprenør

År	2013	2014	2015	2016	2017
Tal	3269	3353	3382	3249	3262

Foreiningsbingo

Foreiningsbingo er bingo som blir arrangert av den lotterigodkjende organisasjonen som får overskotet frå bingoverksemda.

Det blei gitt løyve til foreiningsbingo for 241 organisasjonar i 2017.

63 av desse løyva blei gitt til bingo i lokalradio/lokal-tv. Her er formålet den einskilde lokal-tv- eller lokalradiostasjonen.

Det var ein nedgang i talet på foreiningsbingoar frå 2016. Dette er ein trend vi har sett i nokre år, og hovudårsaka er truleg auken i talet på entreprenørbingoar i same periode.

Løyve til lotteri med omsetning opp til kr 300 millionar i året

Lotteritilsynet kan gi løyve til inntil fem store lotteri med ni års varigheit. Hausten 2015 fekk vi åtte søknader frå til saman 14 organisasjonar. I løpet av sakshandsaminga fekk vi heile 21 klagesaker, og dei siste klagene blei handsama av Lotterinemnda 11. september 2017. To lotteri fekk løyve i februar 2017, og 29. september trekte vi ut tre nye løyve blant fem godkjende konsept. Ved utgangen av 2017 er det to lotteri (Pantelotteriet og Unicef-lotteriet) som er i gang, og dei tre andre må starte opp lotteria sine seinast 1. oktober 2018.

Løyve til lotteri med omsetning mellom kr 200 000 og 100 mill. kr

Lotteritilsynet gav løyve til at 122 organisasjonar kunne ha større lotteri i 2017. Dette er tradisjonelle førehands- eller etterhandstrekte lotteri. Talet på løyve til denne typen lotteri har gått svakt nedover dei siste åra, men hadde i fjor eit lite oppsving frå 115 lotteri i 2016.

Meldingslotteri

Dette er tradisjonelle lotteri med årleg omsetning under kr 200 000. Arrangørar av denne typen lotteri treng ikkje vere lotterigodkjende. Det er nok å melde inn lotteriet på eit eige elektronisk meldeskjema til Lotteritilsynet 14 dagar før det skal haldast. 2 616 organisasjonar har meldt inn til oss og fått aksept for å ha meldingslotteri i 2017. Dette er ein liten auke frå tidlegare år (2 412 meldingar i 2016).

Trekking av lotteri

Ei sentral oppgåve for tilsynet er å gjennomføre såkalla etterhandstrekking av lotteri. Dette gjer vi enten undervegs i lotteriet, ved at vi gjennomfører vekstrekking eller månadstrekking, eller vi trekker hovudvinnarar i etterkant av lotteriet. I 2017 gjennomførte Lotteritilsynet 360 slike trekkingar.

Tilsynsarbeid i 2017

Lotteritilsynet gjennomfører tilsyn med bingo på to måtar: ved kontroll av rekneskap og ved fysisk kontroll i bingohallar.


Tilsyn med bingo

Det mest omfattande er rekneskapskontrollane, der vi fører tilsyn med at alle organisasjonane får sin forskriftsfesta del av overskotet. Alle entreprenørar må sende inn sine bingorekneskapar til Lotteritilsynet fire gonger årleg. Lotteritilsynet kontrollerte rekneskapar for i underkant av 230 bingohallar i 2017. Det var ein del oppfølging med nokre hallar, men alle leverte inn sine rekneskapar.

Det blei vidare gjennomført sju kontrollar i bingohallar i 2017. Bingolokala blei plukka ut etter ei risiko- og vesentlegheitsvurdering. Kontrollnivået her er lågare enn det har vore dei siste åra. Dette skuldast at talet på alvorlege avvik har gått ned etter at vi i 2012 fekk nye reglar for databingo. Vidare prioriterte Lotteritilsynet å besøke alle bingoentreprenørar i 2017, det vil seie i overkant av 50 aktørar, med informasjon og gjennomgang av våre elektroniske skjema på bingoområdet. Dette fungerte godt som eit proaktivt tilsyn. Vi tok m.a. opp tidlegare avviksaker vi har hatt med entreprenørane.

Tilsyn med lotterigodkjende organisasjonar

Lotteritilsynet gjennomførte kontrollar av sju lotterigodkjende organisasjonar i 2017, og to av desse organisasjonane mista godkjenninga. Vi kontrollerer om organisasjonen framleis tilfredsstillar krava til å vere godkjend, og om dei nyttar lotterimidlar på rett måte. Kontrollen er basert på ein risikoanalyse, der tips er ein faktor ved utplukkinga.



I tillegg til dette må alle lotterigodkjende organisasjonar (5373) årleg sende oss ein enkel rekneskapsrapport. I 2017 var det 91 lotteriverdige organisasjonar som mista godkjenninga på grunn av manglande innsending av denne rapporten. I 2016 var det 123 organisasjonar som mista godkjenninga på dette grunnlaget. Nedgangen skuldast truleg at vi sende organisasjonane ei ekstra påminning (via SMS) om innsending.


Store jobbar i 2017

Lotteritilsynet gav alle bingoentreprenørar tilbod om besøk med informasjon og opplæring, særleg for å auke bruken av elektroniske skjema via Altinn.

I 2017 kunne vi endeleg sette strek for den omfattande søknadsprosessen om lotteri med omsetning opp til kr 300 millionar («§7-lotteria»), slik at vi i september kunne gjennomføre trekking av kven som skulle få løyve.

Trendar og fakta

Det er ingen store bevegelsar på lotterifeltet. Både talet på aktørar og løyve samt overskotet frå dei ulike lotterialigg relativt stabilt. Fleire aktørar har vore i kontakt med tilsynet med spørsmål om modernisering av tradisjonelle lotteri. Her står det att regelverksavklaringar med departementet.



Over 2,2 milliardar kroner fordelt i 2017

I 2017 gjekk 730 mill. kroner av overskotet i Norsk Tipping til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar, og nær 1,5 mrd vart fordelt på ulike kompensasjonsordningar.

I 2014 blei det etablert ei overgangsordning for perioden 2014–2017 som retta seg mot samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar som ikkje hadde automatinntekter i 2001. Slike organisasjonar kan på visse vilkår søke Lotteritilsynet om å få tilskot frå overskotet til Norsk Tipping. Framlegg til ei permanent ordning frå 2018 har vore på høyring og skal etter planen tre i kraft våren 2018. Den permanente ordninga vil gjelde både for dei samfunnsnyttige og humanitære organisasjonane som hadde automatinntekter i 2001, og for organisasjonar som ikkje hadde automatinntekter i 2001.

I 2017 fordelte tilskotet til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar seg slik:

- Kr 564,9 millionar er kompensasjon for bortfall av inntekter frå automatmarknaden – basert på inntekter frå gevinstautomatane i 2001. Gruppa 10 H (store humanitære organisasjonar) fekk utbetalt kr 511,1 millionar. Kr 53,8 millionar blei utbetalt til 375 andre organisasjonar.
- Kr 164,9 millionar gjekk til 44 samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar som ikkje hadde automatinntekter i 2001, mot kr 116,4 millionar til 37 organisasjonar i 2016.

Momskompensasjon – generell ordning

Det var ikkje nokon spesielle problem med søknadsrunden i 2017, og det verkar som om ordninga no har «sett seg».

1 584 søkarar søkte om kr 1,864 milliardar. 1 422 søknader blei godkjende og fekk utbetalt kr 1,319 milliardar etter ei avkorting på 27,2 %. Nær 23 500 organisasjonar tok del i ordning i 2017.


I tillegg til reine avslag gjer vi ein del reduksjonar i søknadssummene som i hovudsak skuldast skjønsmessige vurderingar av størrelsen på frådragspostar. Til saman blei søknadssummen redusert med kr 52,8 millionar. 162 søknader fekk avslag eller blei trekte.

Dette fordeler seg slik:


Type	2016	2017
For lite frivillig innsats	9	4
For sterk næringstilknytning	5	5
Manglar ved søknaden	8	6
Organisasjonen var ikkje i målgruppa	8	9
For sterk tilknytning til det offentlege	6	9
Trekt søknad	9	12
Søkt etter søknadsfristen	20	16
Søknadsbeløp under minstegrense	24	19
Manglande registrering i Frivilligregisteret	27	24
Underledd søkte direkte til Lotteritilsynet	45	58
Totalt	161	162

Både tal søknader, deltakande organisasjonar og ikkje minst søknadssummen aukar kvart år. Søknadssummen auka frå 2016 til 2017 med 8,3 prosent: frå kr 1,720 milliardar til kr 1,864 milliardar. Til tross for at stadig nye søkarar og underledd kjem inn i ordninga, ser vi at auken i søknadssum hovudsakleg skuldast at eksisterande søkarar har aukande aktivitet og dermed kostnader. Dersom denne auken held fram, vil søknadssummen i 2018 passere kr 2 milliardar.

Momskompensasjon (generell ordning) i millionar kroner



Tal søknader om momskompensasjon (generell ordning)



Momskompensasjon – idrettsmoms

I 2017 fekk vi 512 søknader med ein søknadssum på kr 209 millionar. Det har vore ein jamn auke i tal søknader frå 2010, då talet var 78. Godkjend søknadssum var kr 169,3 millionar, og det blei inga avkorting i 2017. Her er resultatet av sakshandsaminga:

53 søknader fekk avslag:

- 19 mangla revisorattest.
- 4 hadde søknadsbeløp under minstegrensa.
- 9 hadde ikkje rett søknadsobjekt.
- 21 hadde andre manglar ved søknaden.

Det er lite skjønnt knytt til denne sakshandsaminga, men det er framleis ein god del tekniske manglar ved søknadene som krev oppfølging under sakshandsaminga.

Sjølv om tal godkjende søknader auka frå 396 i 2016 til 459 i 2017, gjekk godkjend søknadssum ned frå kr 192,3 millionar i 2016 til kr 169,3 millionar i 2017. Vi ser at den totale søknadssummen for søknadsåret blir påverka av om det blir søkt om kompensasjon for store anlegg. Det er derfor vanskeleg å seie noko om forventa søknadssum for 2018. Ramma for ordninga er i 2018 på kr 185 millionar.

Tilsyn med Grasrotandelen

I 2017 blei det delt ut kr 455 millionar frå grasrotordninga, noko som er ein auke på 7 millionar frå 2017. Om lag 30 000 lag og foreiningar deltar i ordninga, og tal givarar nærmar seg 1,1 million. Det er framleis ca. 900 000 kundar som ikkje har valt seg grasrotmottakar, så det er derfor svært truleg at tal




grasrotmottakarar vil auke framover. Sjølve andelen aukar frå 5 % til 7 % med verknad frå 2018, slik at det då vil bli vesentleg meir pengar å fordele frå denne ordninga.


På grunn av arbeid med forskrift om grasrotandel, som blei endra med verknad frå 1. januar 2018, har vi opna færre tilsynssaker i 2017 enn åra før. Det er gjort enkelte innstrammingar i regelverket for å sikre at Grasrotandelen i størst mogleg grad skal kome lag og foreiningar med frivillig aktivitet til gode.

Sju grasrotmottakarar mista retten til deltaking i ordninga i 2017. Sidan 2013, då Lotteritilsynet fekk ansvaret for å føre tilsyn med Grasrotandelen, har 125 organisasjonar mista retten til deltaking i grasrotordninga. Tilsynet har i 2017 kravd å få betalt tilbake midlar frå to organisasjonar. Om vi krev at midlar skal betalast tilbake, blir ei vurdering i kvar einskild sak.

Søknader om idrettsmoms i millionar kroner



Tal søkarar innan idrettsmoms




Trender og fakta

Momskompensasjon – generell ordning

Det er i samsvar med føremålet med ordninga at midlane skal nå ut til stadig fleire organisasjonar i frivillig sektor. Det er derfor gledeleg at vi ser ein stadig auke i søknader og inkluderte underledd. Om denne utviklinga held fram, vil talet på organisasjonar snart bli dobla sammenlikna med starten i 2010, då 13 000 organisasjonar tok del i ordninga. Som før skuldast det meste av auken i tal organisasjonar at sentralledda tar med stadig fleire av underledda i sin samla søknad. Tabellen viser utviklinga dei siste sju åra.

Momskompensasjon 2011–2017

Søknadsår	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Tal søkarar	880	907	1079	1189	1351	1 448	1 584
Tal organisasjonar	14 248	16 188	17 863	18 900	20 626	22 653	23 486
Tildelt/ramme (NOK 1000)	597 409	619 583	940 966	1 191 554	1 222 201	1 290 951	1 319 002
Søknadssum (NOK 1000)	1 214 978	1 306 265	1 422 920	1 484 043	1 597 299	1 720 704	1 864 335
Godkjend søknadssum (NOK 1000)	1 173 532	1 267 446	1 346 466	1 435 692	1 561 339	1 691 005	1 811 591
Avkorting i %	49,1	51,1	30,1	17,0	21,7	23,7	27,2
Tal avslag / avviste søknader	175	111	160	149	174	161	162



Store jobbar i 2017

Forenkla og meir effektiv sakshandsaming på tilskotsområdet har gjort oss i stand til å bruke meir ressursar på søkarar med størst risiko.

Effektiv sakshandsaming

Tal søknader og dermed arbeidsmengde knytt til momsordninga for frivillige organisasjonar, momskompensasjon for idrettsanlegg og tilskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar har auka kvart år. For å ta unna den aukande søknadsmengda utan å auke ressursane våre har vi fokusert på å effektivisere og automatisere sakshandsaminga og kontrollarbeidet. Ved å basere sakshandsaminga på risiko- og vesentlegheitsvurderingar og i størst mogleg grad gjere nytte av interne og eksterne registeropplysningar, kan vi styre ressursane dit risikoen for feil er størst.

I 2017 prøvde vi ut eit nytt system i kontrollen av søknader om momskompensasjon: På underleddsnivå fekk vi fram ei «avviksliste» basert på kriterium testa mot interne og eksterne kjelder. Vi har mellom anna fått tilgang til Rekneskapsregisteret, slik at vi for rekneskapspliktige organisasjonar automatisk kan

kontrollere rekneskapsdata frå søknaden opp mot data i Rekneskapsregisteret. Det nye systemet fungerte godt, og vi kan no dokumentere vesentleg meir kontroll med underledda enn vi kunne tidlegare.

Når det gjeld søknader om tilskot frå Norsk Tipping (frå organisasjonar som ikkje hadde automatinntekter), gjer vi omfattande gjenbruk av data frå søknadene om momskompensasjon.

Regelverksarbeid

I 2017 har vi i samsvar med tildelingsbrevet hjulpet Kulturdepartementet i arbeidet med å forbetre forskrift om momskompensasjon, forskrift om fordeling av Norsk Tippings overskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar samt forskrift om grasrotandel, som tredje i kraft 01.01.2018.

DET SKJER I 2018

- Lotteritilsynet skal fortsette arbeidet med ny pengespellov under leing av Kulturdepartementet, og har avsett to medarbeidarar til dette.
- 2018 blir det siste året med utbetaling frå automatkompensasjonsordninga. Vi går deretter over til ei ny, permanent ordning der 18 % av overskotet frå Norsk Tipping skal fordelast til store, landsdekkande samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar innan visse kategoriar i Frivilligregisteret.
- Vi forventar endringar i forskrift om bingo, i samsvar med Stortingets handsaming av stortingsmeldinga «Alt å vinne». Eit framlegg vil truleg bli sendt ut på høyring i første kvartal 2018.
- Lotteritilsynet skal bidra i sluttarbeidet med forskriftsendringar når det gjeld momskompensasjon og fordeling av overskotet frå Norsk Tipping til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar.
- Vidare skal vi støtte Kulturdepartementet i arbeidet med ny stortingsmelding om den statlege frivillighetspolitikken.



Stiftelsestilsynet

Stiftelsestilsynet skal bidra til å skape tryggleik og tillit til stiftelsar som organisasjonsform og arbeide for å sikre ei lovleg forvaltning av stiftelsar.

Ein ibuande risiko ved stiftelsesforma er manglande openheit. Det er ingen eigarar eller medlemmer som følgjer med på kva dei tillitsvalde gjer. Stiftelsestilsynet legg vekt på å vere tilgjengelege og relevante til beste for stiftelsesforma. Vi skal vere med på å sikre lovleg forvaltning av norske stiftelsar, og som eit moderne tilsyn er vi opptatt av å skaffe oss informasjon

og formidle oppdatert kunnskap om stiftelsar som organisasjonsform og om regelverket. Dette er viktig både som førebyggjande tilsyn og for at samfunnet skal kunne ta del i overvakinga av dei norske stiftelsane. Dette er det også lagt vekt på i tildelingsbrevet frå Kulturdepartementet.

Tilsyn med stiftelsar i 2017

I tillegg til å kontrollere søknadane frå stiftelsane utfører Stiftelsestilsynet ei rekke tilsyn basert både på informasjon vi får inn (meldingar og tips), og på informasjon vi skaffar oss sjølve (overvaking).

Meldingar og tips

I 2017 fekk vi 216 meldingar og tips. Det er ein nedgang frå 264 i 2016. Nedgangen skuldast blant anna at vi får færre nummererte brev frå revisorane i stiftelsane (161 revisorbrev i 2017 mot 196 i 2016). I 2018 kjem Stiftelsestilsynet til å ta grep for å undersøke kvifor tal nummererte brev frå revisorane går jamt nedover.

Dei fleste meldingane blir følgde opp med eit brev til stiftelsen der vi skriv at vi har fått informasjon, og viser til at styret er ansvarleg for å følge opp eventuelle avvik. I fleire brev gir vi også rettleiing om regelverket. 146 av meldingane blei handterte på denne måten i 2017.

Vi opprettar tilsynssak mot stiftelsar når vi ser det er stor risiko for vesentleg misleghald. I 2017 blei det oppretta tilsynssak mot 51 stiftelsar. Intensiteten og omfanget i ei tilsynssak varierar.

Dei fleste av tilsynssakene dreier seg om å kontrollere at avgjerdsprossane i stiftelsane er forsvarlege.

Stiftelsestilsynet kommuniserer no tydelegare kva krav stiftelseslova stiller til stiftelsane. Klar kritikk ved manglande vurderingar/dokumentasjon og rettleiing er viktige verkøy i tilsynsarbeidet.

I 2017 har vi prioritert saker om fast eigeendom (12 saker), fastsetting av styrehonorar (5 saker), transaksjonar med nærstående (11 saker) og ulovleg lån (14 saker). I 2018 vil vi legge ut erfaringar frå desse sakene på våre nettsider.

Alvorlege enkeltsaker

I 2017 har vi hatt mange alvorlege enkeltsaker der vi har brukt formelle verkemiddel. Fleire av sakene er så alvorlege at Stiftelsestilsynet vurderte det som nødvendig å få på plass eit nytt styre. I 2017 har Stiftelsestilsynet gjort vedtak om å avsette styret i sju stiftelsar (tre av vedtaka er framleis under klagehandsaming). I tillegg har styret i tre stiftelsar gått frivillig etter at vi har varsla om avsetting. Vi har også sett ned styrehonoraret i ein stiftelse (vedtaket er under klagehandsaming) og meldt tillitspersonar i fire stiftelsar til politiet for ulovlege lån.

Dei alvorlege sakene er ofte kompliserte og krev mykje ressursar. Med dei store sakene følger det også ofte mediemerksemd og innsynskrav. I 2017 har Stiftelsestilsynet handsama over 1 300 krav om dokumentinnsyn. Det er ein auke på om lag 30 % frå 2016.

Systemtilsyn

Ein særskild type tilsynssaker er systemtilsyn. Dette er saker der vi følger opp definerte standardavvik oppdaga gjennom vår overvaking av Stiftelsesregisteret, Einingsregisteret, Føretaksregisteret og tal frå Kartverket. Eksempel på avvik er manglande registrering av revisor, svak/manglande registrering av heimel til fast eigedom og manglande registrering av årsrekneskap. I 2017 følgde vi opp 74 slike avvik. Dei fleste avvika vi oppdagar, blir lukka med ei eller gjentatte oppfordringar til stiftelsane om endring. Viss avvika ikkje blir lukka, vurderar vi å varsle og gjere vedtak om styreavsetting. I 2017 har det vore to slike saker.

Årsrekneskapen er eit viktig verktøy i det samla tilsynet med stiftelsane. Derfor følger vi nøye opp at stiftelsane leverer årsrekneskap. Viss ein stiftelse ikkje har levert årsrekneskap innan ti månader etter fristen, vil vi vurdere å sende melding til politiet. I 2017 gjekk det ut slik melding til politiet om fire stiftelsar (sju i 2016). Av desse har ei resultert i førelegg, ei er

blitt lagt bort, og to er framleis under handsaming. Generelt er stiftelsane blitt flinkare til å levere årsrekneskapen i tide. For 2016 var delen 93,2 % – det høgaste talet nokosinne.

Arbeidsmetodikk i tilsynssaker

Vi fortsatte arbeidet med å styrke risikovurderingar og prioriteringar, effektivisere sakshandsaminga og synleggjere tilsynsarbeidet i 2017.

Vi arbeidar fortløpande med å styrke samordning og informasjonsutveksling med relevante aktørar. I våre saker opprettar vi gjennomgåande kontakt med andre tilsynsorgan som arbeider med stiftelsar. Dette er til dømes Utdanningsdirektoratet, kommunar som fører tilsyn med barnehagar, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, Skatteetaten, skatteoppkrevjaren i kommunane, Integrerings- og mangfaldsdirektoratet og Arbeidstilsynet.



Kunnskapsformidling og rettleiing

Stiftelsestilsynet legg ned mykje arbeid i å formidle oppdatert kunnskap om stiftelsar. For å nå ut med fersk og relevant kunnskap har vi det siste året også auka innsatsen med relevante tema om og for stiftelsar på fagbloggen vår.

Stort behov for rettleiing


Stiftelsestilsynet gir rettleiing gjennom fleire kanalar: kundeforholdssystemet Zendesk, telefonar, e-post, vanleg brevpost og innlegg på fagseminar.

Stiftelsestilsynet arbeider heile tida for å ha nettsider med god og aktuell informasjon. Nettsidene gir fylldig informasjon og rettleiing om dei ulike søknadsprosessane. Dessutan gir nettsidene svar på omkring 150 spørsmål innanfor ulike tema. Det er òg mogleg å kontakte Stiftelsestilsynet med generelle spørsmål ved å sende inn eit kontaktskjema. Spørsmåla blir handsama i kundeforholdssystemet Zendesk, der målet er å rettleie kunden i løpet av påfølgande arbeidsdag. Vi kan hente ut rapportar over spørsmål med mest vising, respons-tid, innsende spørsmål mv.

Dei fem mest viste spørsmåla i 2017 var:

1. Vi har valt nytt styre. Korleis skal vi registrere det nye styret?
2. Når kan eit styremedlem fråtre styret?
3. Kva reglar gjeld for val og oppnemning av styret? Er det vanleg at styret blir nemnt opp av andre organ?
4. Korleis opprettar eg ein stiftelse?
5. Skal vi registrerast som vanleg eller næringsdrivande stiftelse?

Vi fekk i alt 555 spørsmål via kontaktskjema i løpet av 2017, dvs. ein auke på nærare 100 spørsmål frå året før. Vi fekk nokre fleire spørsmål i første halvår enn i andre, og kundane har jamt over fått tilbakemelding innan påfølgande arbeidsdag. I tillegg skjer ein god del rettleiing via telefon, e-post og vanleg brevpost. Stiftelsestilsynet reknar med at omkring 1 årsverk går med til generell rettleiing.



Samarbeid

Vi har hatt møte for informasjonsutveksling med Nærings- og fiskeridepartementet, Økokrim, Finanstilsynet, Stiftelsesforeningen, Domstolsadministrasjonen og BI – Senter for stiftelser. I tillegg møtte vi europeiske tilsynskolleger i Liechtenstein og har deltatt på ei rekke seminar om stiftelsar både i Noreg og i utlandet.

Stiftelseskonferansen 2017

Temaet på Stiftelseskonferansen i Førde 26. og 27. april 2017 var omdøme. Eit godt omdøme aukar sjansen for å lukkast. Omdøme kan brukast som springbrett og sikkerhetsnett, som Nils Apeland sa på konferansen.

På denne sjettesteiftelseskonferansen arrangerte vi «speed date», der målet var å bli kjende med andre stiftelsar og deira formål.

I tillegg til omdømeeksperten Nils M. Apeland fekk vi høyre Ann Kristin Ytreland fortelje kva effekt ein kan få av god omdømebygging, medan Jan Vincents Johannessen tok oss med på ei stiftelsesreise, og Gudmund Knudsen gav oss eit innblikk i forslag til ny stiftelseslov. Tema i parallellsesjonane var bustadstiftelsar, planmessig styrearbeid, kapitalforvaltning og temaundersøkinga om styrehonorar. Her fekk vi god hjelp av mellom anna Stiftelsesforeningen og BI – Senter for stiftelser.

Gode nettverk bidreg til betre forvaltning i stiftelsane. Stiftelseskonferansen viser at kombinasjonen av fagleg oppdatering og erfaringsutveksling er nyttig, og at konferansen har blitt ein viktig møteplass. Foredraga frå konferansen ligg på nettsida vår.

Gode tilbakemeldingar

Evalueringa av konferansen var overveldande positiv. 93 prosent av deltakarane kan tenke seg å delta igjen, og alle deltakarane var tilfredse eller svært tilfredse med konferansen. 80 prosent svarte at konferansen hadde vore fagleg nyttig, og 85 prosent av deltakarane meiner at dette er ein viktig møtestad for stiftelsar. Stiftelseskonferansen har opparbeidd seg eit godt omdøme, og vi vil derfor halde fram med å invitere til stiftelseskonferanse i Førde.



Forvaltningsarbeidet i 2017

Ei av Stiftelsestilsynets hovudoppgåver er å godkjenne søknader om registrering og endring av stiftelsar. Vi skal også godkjenne nokre andre søknadstypar. I 2017 fekk vi i om lag 1 400 søknader, 300 færre enn året før.

Søknadene omfattar i hovudsak nyregistrering, kapitalendring, vedtektsendring, samanslåing, deling og oppheving av stiftelsar. I tillegg handsamar vi søknader om omskipling av bandlagde eigedelar etter stiftelseslova § 55, omskipling av private beslagsforbod etter dekningslova kapittel 3 og bandlagd pliktdelsarv etter arvelova § 32 samt nokre former for omdanning av samvirkeføretak.

Nedgang i innkomne søknader

Talet på innkomne søknader i 2017 har gått ned med om lag 300 saker frå året før. Talet på nyregistreringar, delingar og opphevingar er stabilt, medan talet på kapitalendringar, vedtektsendringar og samanslåingar har gått ned. Dei største søknadstypane var vedtektsendring: 513 stk. (813), oppheving: 219 stk. (215), rettleiing: 219 stk. (218) og nyregistrering: 107 stk. (101). (2016-tal i parentes.)

Talet på søknader etter stiftelseslova § 55, dekningslova kapittel 3 og arvelova § 32 har hatt ei svak auke til ca. 160 saker i 2017.

Nedgangen i tal vedtektsendringar kan forklarast med at vi i 2017 ikkje har gjennomført systemtilsyn med manglar i vedtektene eller feil i registrerte opplysningar i Stiftelsesregisteret. Tal vedtektsendringar er 300 lågare enn året før. Det vil vere naturleg å følge opp behov for vedtektsendring tettare i samband med ny stiftelseslov.

Vi får inn eit høgt tal søknader om private beslagsforbod og bandlagt pliktdelsarv, noko som kan forklarast med at tingrettane er blitt meir merksame på slike klausular i testament. Det var i ein periode vanleg å ta inn klausular om kreditorvern og unntak frå konkurs i testament og gåvebrev, noko som viser seg når testamenta no blir aktualiserte.

Tal søknader etter samvirkelova var 3 stk. i 2017.


Tal klager gjekk ned

Vedtak frå Stiftelsestilsynet kan klagast inn til Stiftelsesklagenemnda, og vi fekk 28 klager i 2017. Dette er ein nedgang på 16 klager frå året før. Størst nedgang er det i klager på oppheving, med 9 saker. Klagene fordeler seg slik (tal klager i parentes): vedtektsendring (7), oppheving (8), samanslåing (2), anna klage etter stiftelseslova (2), bandlagde eigedelar etter stiftelseslova § 55 (2), private beslagsforbod etter dekningslova kapittel 3 og bandlagd pliktdelsarv etter arvelova § 32 (1), tilsynssak (5) og omdanning av samvirkeføretak (1).

Vedtaka til Stiftelsesklagenemnda blir publiserte på Lovdata PRO (betalingsteneste).

Held jamt over fristane

Målet for sakshandsaminga i 2017 har vore at vi skal svare på alle dokument innan ein måned. For saker som gjeld nyregistrering, er svarfristen ei veke. Vi har jamt over halde desse svarfristane. Den reelle sakshandsamingstida vil i mange saker vere lengre enn ein måned fordi vi må innhente tilleggsdokumentasjon før vi kan gjere vedtak. Normal svarfrist for ein stiftelse er fire veker, men ofte blir fristen forlengd etter ønske frå søkar. Det gjeld ofte i saker om vedtektsendring, oppheving og samanslåing.



Stiftelsesregisteret

Stiftelsestilsynet er registerfører for Stiftelsesregisteret. Stiftelsesregisteret er eit viktig verktøy i kontrollen med stiftelsane. Stiftelsestilsynet bruker registeret aktivt i tilsynsarbeidet, og omverda kan følge med på kva stiftelsane gjer.

Stiftelsestilsynet har som grunnhaldning at det skal vere transparens og opne data, og gjer heile tida informasjon tilgjengeleg for publikum. I tillegg til informasjon frå sjølve Stiftelsesregisteret speglar publikumsversjonen også informasjon frå andre offentlege register, som Rekneskapsregisteret (egenkapital), og informasjon om til dømes styreendringar og andre endringar i Einingsregisteret eller Føretaksregisteret. Brukaren kan sortere etter geografiske område, sektor, kapital osv. Det går an å opne treffa i søka for å få meir informasjon og overføre dei til rekneark, der ein kan jobbe vidare med resultatane.

Per 31.12.2017 var 6 814 stiftelsar registrerte i Stiftelsesregisteret (6968 i 2016). Av desse er 5 990 (6 124 i 2016) registrerte som alminnelege stiftelsar og 824 (844 i 2016) som næringsdrivande. Det er registrert 92 nye stiftelsar, og 246 stiftelsar har blitt oppheva.


Den bokførte eigenkapitalen etter siste tilgjengelege rekneskap (2016) er kr 160 milliardar. Dette er ein auke på vel 6 milliardar frå førre rekneskapsår.

Trafikken på Stiftelsesregisteret er stabil. I 2017 har det vore totalt 20 179 sidevisingar (22 549 i 2016), av desse er 15 807 unike (17 494 i 2016). Det er i snitt 43,3 per dag.

Ti største stiftelsar rekna etter eigenkapital i milliardar kroner

Stiftelse	Eigenkapital (rekneskap 2016)
Gjensidigestiftelsen	30 907
Olav Thon Stiftelsen	25 688
Sparebankstiftelsen	12 396
Sparebanken Hedmark sparebankstiftelse	3 986
Sparebankstiftelsen SR-bank	3 419
Stiftelsen Fritt Ord	2 982
Bergens forskningsstiftelse	2 248
Stiftelsen SINTEF	1 929
Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane	1 857
Kristiansand kommunes energiverkstiftelse	1 752

Bokført eigenkapital i norske stiftelsar



DET SKJER I 2018

- Nytt sakshandsamingssystem blir sett i drift i 2018. Dette vil bidra til meir digital og effektiv sakshandsaming, brukarvenlege løysingar og kunnskapsdeling.
- Vi jobbar med å tilpasse elektronisk samordna registermelding i Altinn for stiftelsane. Endringane skal gjere det enklare å søke elektronisk og dermed samle meir kommunikasjon med stiftelsane i Altinn.
- Vi skal styrke arbeidsmetodikken for saker etter dekningslova og arvelova, private beslagsforbod og bandlagd arv. Dette vil sikre effektiv og forsvarleg sakshandsaming.
- Vi fortset å styrke arbeidsmetodikken i tilsynssaker i 2018. Vi skal synleggjere tilsynsarbeidet på våre nettsider.
- Det er foreslått endringar i lov om kvitvasking som òg vil vere relevante for stiftelsane.
- Vi vil gjennomføre eit prosjekttilsyn med kapitalforvaltninga i fleire stiftelsar.
- Vi får færre nummererte brev frå revisorane. I 2018 skal vi undersøke kvifor tal revisorbrev går jamt nedover.
- Arbeidet med ny stiftelseslov fortset i Nærings- og fiskeridepartementet. Stiftelsestilsynet er klare til å informere og følge opp.


Brukarundersøkingar og brukardialog

I tildelingsbrevet for 2017 fekk vi i oppdrag å kartlegge korleis brukarar opplever verksemda, og kva vi gjer med informasjonen vi får. Vi kunne sjølv velje metode for kartlegginga. Her kan du lese kva vi har gjort i 2017.

Brukarevaluering av Stiftelseskonferansen 2017


I april arrangerte vi Stiftelseskonferansen 2017 i Førde med 180 deltakarar frå heile landet. Tilbakemeldingane var svært gode på alt frå innlegg og møteleiing, til informasjon og praktisk gjennomføring. Bortimot alle dei 105 som svarte på evalueringa, var tilfredse eller svært tilfredse. Tilbakemeldingane blir lagt til grunn når vi skal arrangere neste stiftelseskonferanse i 2019. Vi skal arrangere Speleansvarskonferansen i 2018 og Stiftelseskonferansen på nytt i 2019.

Stiftelseskonferansen 2017 - tilbakemelding frå deltakarane



Brukarundersøking om nytt kundestøttesystem

I januar 2016 tok Stiftelsestilsynet i bruk eit nytt kundestøttesystem på nettstaden. Her kan brukarane på ein uformell måte stille korte spørsmål og få raske svar, eller hjelpe seg sjølv ved å lese ofte stilte spørsmål og svar (FAQ). Innsende meldingar og svar blir lagra, organiserte og formidla på ein måte som sikrar god og effektiv brukarkontakt, god innsikt og effektivitet blant dei tilsette. Vi evaluerte erfaringane internt i slutten av 2016 med gode resultat, og i 2017 spurde vi eksterne brukarar av systemet. Tilbakemeldingane frå dei nær 238 som svarte, er at kontaktskjemaet var lett å finne og lett å bruke, at svara kom innanfor tidsfristen, og at dei fekk svar på det dei spurde om. På ein svars skala frå 1 til 4 var snittet på over 3. Vi har brukt dette, samt egne erfaringar, som grunnlag for å ta i bruk kundestøttesystemet i heile organisasjonen frå mars 2018.




Evaluering av nettstad

I 2017 innførte vi Siteimprove som Lotteri- og stiftelsestilsynets kvalitetsverktøy for innhald på nettstaden lottstift.no (unntatt register, melding, rapport og momsskjema). Det gir oss oversikt, forslag til løysingar på problem og rapportar om teknisk kvalitet, universell utforming og persondata. Ved årsskiftet var vår samla poengsum på Digital Certainty Index (DCI) 90 (av 100). DCI måler kvaliteten på nettstaden og tilgjengelegheit, brukarvenlegheit, truverd og søkemotoroptimalisering. Endeleg DCI-skår er den samla poengsummen for dei tre kategoriane Accessibility, Quality Assurance og SEO. Målet vårt er å ha ein DCI på over 90.



«Fann du det du leitte etter?»-tenesta på nettstaden

Av dei som står bak 647 000 sidevisingar i 2017, var det 0,15 % som brukte skjemaet «Fann du det du leitte etter?». Skjemaet er lagt inn på nesten alle sider på nettstaden. At så få brukar skjemaet, tolkar vi positivt: Brukarane finn stort sett fram.



Evaluering av årsrapport 2016

Vi melde oss på Farmandprisen 2017 i kategorien for beste årsrapport, og blei nominert blant dei fem beste i klassa for offentlege verksemdar (20 deltakarar). Lotteri- og stiftelsesstilsynet blei nominert saman med Norges Bank, medan Oljefondet (NBIM), Molde kommune og PKH (Pensjonskassen for helseforetakene i Oslo-området) tok dei tre første plassane. «Dette er en solid, tydelig, gjennomarbeidet og velskrevet rapport som leverer godt på de fleste evaluerte områder», skriv juryen.

Artiklar i media

Medieoppslag auka frå 2 148 artiklar i 2017 til 2 495 i 2016. Dette er ein auke på over 16 %. Dei fleste oppslaga kom i P4, Aftenposten og VG Nett. 64 % av dekninga er i medietypen web, medan 5 % av dekninga kom i tv/radio. Resten stod i papirutgåver.

Av store mediesaker i 2017 kan vi nemne at ein diskusjon om norsk spelpolitikk og betalingsformidlingsforbod prega våren og enda i Stortinget i mai. Toppen gjennom året kom i juni, då det var mange oppslag i lokalpresse, kommunar samt lag og organisasjonar om momskompensasjonsordninga. I rikspressa dominerte bruk av grasrotpengar, Fyrlykta-saka i VG og diverse andre pengespelsaker der utanlandske spelselskap er involverte. Toppen i desember handla mykje om fordeling av momskompensasjonsmidlar.

Trafikk på nettstaden

Vi hadde ein kraftig auke i trafikk på nettstaden vår samanlikna med 2016 og åra før. Berre det siste året har det vore ein auke på 33 % til 210 000 besøk. Trafikk frå søkemotorar aukar stadig og er no oppe i 55 %, medan stadig færre går direkte inn på nettstaden (19 %). Besøk frå sosiale medium er stabilt, men svakt aukande (8 %).



Digitalisering

Mykje av vår samla utviklingskapasitet i 2017 gjekk med til å utvikle nytt anleggsregister på oppdrag frå Kulturdepartementet. Konsekvensen for oss er at digitaliseringstakta internt har vore lågare enn ønskeleg, men for sektoren samla sett er gevinsten stor.

Nytt anleggsregister

I fjor utvikla vi første versjon av anleggsregisteret som Kulturdepartementet har gitt oss i oppdrag å utvikle og forvalte. Denne versjonen skulle erstatte eit gammalt system som var utdatert og vanskeleg å vedlikehalde. Systemet blei levert innan fristen 1. oktober, og innanfor budsjett.

Anleggsregisteret er eit system for å forvalte Kulturdepartementets tilskotsordningar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, til kulturarenaer samt til løypetiltak i fjellet og overnattingshytter. Systemet er tredelt: søknadsskjema, fagsystem og publikumsdel.

Systemet inneheld søknadsskjema for alle tre tilskotsordningane. Det er kome inn om lag 3 900 søknader for søknadsåret 2018.

I fagsystemet kjem søknadene inn og blir vurderte, prioriterte og handsama vidare av kommunar, fylke og departement. Kvar ordning har sin modul i fagsystemet. Totalt er det omtrent 700 brukarar av fagsystemet. Dette er sakshandsamarar i kommunar, fylke og departement.

Publikumsdelen gir oversikt over alle anlegg, informasjon om søknadsordningane, saksgang og andre relevante opplysningar. Denne har så langt hatt 107 000 sidevisingar, 27 500 økter og 9 000 unike brukarar.

Gevinst: Tilbakemeldingane tyder på at systemet er enkelt å forstå og intuitivt å bruke, noko som gir ein betre kvardag for dei som arbeider med det. Etter at systemet blei tatt i bruk, har Kulturdepartementet gjennomført ei spørjeundersøking blant kommunale sakshandsamarar. I denne svarer 90 % at dei totalt sett er godt eller svært godt nøgde med dei tre delane av systemet (svart kvar for seg) – søknadsskjema, fagsystem og publikumsdel (nettsider).

Søknadsskjema for idrettsmoms

Hausten 2017 utvikla og lanserte vi skjema for søknad om momskompensasjon for idrettsanlegg. Søknadsskjemaet blei lansert etter planen tidleg i desember. Ordninga omfattar alle som oppfyller vilkåra for å få spelemidlar, bortsett frå kommunar, fylkeskommunar og kommunale føretak. Ein godkjend spelemiddelsøknad er eit krav for å søke om kompensasjon for meirverdiavgift.

Gevinst: Det nye søknadsskjemaet bidrar til å redusere feil, sidan vi no får inn fullstendig kontonummer og rekneskapstala blir automatisk summerte. Vi sparer også ein del arbeid ved å hente inn reine opplysningar frå anleggsregisteret, f.eks. adresse og informasjon om spelemiddelsøknad. Dette er med på å redusere risikoen for å gjere feil under handsaming av søknader og bidrar til effektiv sakshandsaming.

IT-tryggleik

Vi hadde i 2017 eit alvorleg angrep av kryptovirus. Grunna rask handtering og gode backup-system blei konsekvensane små. Vi valde likevel å ta ein grundig gjennomgang av tryggleiken, og fleire tryggleikstiltak blei sette i verk, m.a. nytt antivirus-system på klient og server, oppgradering av operativsystem til Windows 10, oppdatering av brannmur og regelsett, regelmessig oppdatering av fastvare og operativsystem, og ikkje minst informasjon om IT-tryggleik til og opplæring av tilsette.

Gevinst: Tiltaka har gitt auka IT-tryggleik på både klient og server, noko som gir god stabilitet på IT-systema våre. Dei tilsette i verksemda er også blitt meir bevisste på IT-tryggleik.

Oppgradering til MS Office 365

Vi oppgraderte til MS Office 365 mot slutten av 2017. Alle tilsette er no på same plattform, og vi skal i 2018 vurdere bruk av skyløysing og nye applikasjonar i Office-pakka.

Gevinst: Alle tilsette på same plattform skaper betre driftsforhold, auka tryggleik og nye moglegheiter når det gjeld applikasjonar og bruk av skyløysingar. Standardisering er viktig for å kunne bruke verktøya på ein god måte og hente ut gevinstar.

Sakshandsamingsflytar i Stiftelsestilsynet

Stiftelsestilsynet har hatt delar av sakshandsaminga i Stiftelsesregisteret med integrasjon til saks- og arkivsystemet. Nye funksjonar i saks- og arkivsystemet gjorde at vi vedtok å flytte sakshandsaminga dit. Det vil framleis vere integrasjon mellom desse to systema.

Prosjektet skulle vere ferdig 1. desember, men ressursproblem hos leverandør medførte ei utsetting til 2018.



Gevinst: Sakshandsamingsflytane blir integrerte i eit system som varetar alle krav til arbeidsflytar, godkjenning, ekspedering og arkivering, og dette vil forenkle oppgradering av saks- og arkivsystemet. Endringa vil i framtida også gi god integrasjon med Stiftelsesregisteret.

Nytt verksemdsstyringssystem

Som ein del av vårt strategiske mål om heilskapleg styring har vi investert i eit nytt verksemdsstyringssystem. Vi har lenge kjent behov for å samle risikovurderingar, verksemdsplan, oppfølging av oppgåver, rapportering m.m. i eitt og same system, slik at det er samanheng mellom dei ulike prosessane. Tidlegare har vi nytta mange ulike system. Desse har ikkje har vore kopla saman, noko som har medført risiko for dårlegare kontroll.

Gevinst: Eit verksemdsstyringssystem gir betre oversikt og er ein viktig del av vår styring og internkontroll. Systemet vi har skaffa, kan vidareutviklast med andre sentrale prosessar i verksemdsstyringa, og dette vil vi arbeide vidare med i 2018.

Nytt intranett: «Innsida»

I april 2017 lanserte vi nytt intranett i tilsynet. Vi valde å halde fram med programsystemet SharePoint, fordi vi treng ei publiseringsløyseing der dokumenthandtering er ein viktig del. Intranettet har fått namnet Innsida. To brukarundersøkingar viser at dei tilsette har tatt godt imot Innsida, og at dei er meir nøgde enn dei var med det gamle intranettet.

Gevinst:

- Innsida gjer kvardagen lettare for brukarane, slik at dei tilsette får meir tid til sine primæroppgåver.
- Innsida er brukarretta og lett å forstå. Løysinga har ein oversiktleg struktur og ein god søkefunksjon.
- Innsida gjer det lettare for dei tilsette å finne relevant informasjon og løyse sine oppgåver.
- Innsida legg til rette for betre samarbeid og deling av kunnskap enn tidlegare.

Styring og kontroll i verksemda

Lotteri- og stiftelsestilsynet nyttar mål- og resultatstyring som grunnleggande styringsprinsipp, og vi gir her ei overordna vurdering av styring og kontroll i verksemda.

Tildelingsbrevet og hovudinstruksen dannar grunnlaget for avdelingane sine årsplanar og for Lotteri- og stiftelsestilsynet sin samla verksemdsplan. Verksemdsplanen blir følgd opp av ansvarlege som rapporterer via eit elektronisk rapporteringssystem. Rapportane blir kvar månad følgde opp i leiarmøte.

I 2017 blei det som planlagt gjennomført to etatsstyringsmøte. Her rapporterte vi status på fag og økonomi, og større saker blei drøfta. Risikovurdering er fast tema på etatsstyringsmøta.


Fagtilsyna utarbeider årlege tilsynsplanar basert på sin tilsynsmetodikk. Risiko og vesentlegheit dannar grunnlaget for prioriteringane i tilsynsarbeidet.

Stabilitet

Samla måloppnåing i tilsynet er god, som det går fram av omtalen av fagområda. Dei siste par åra har det vore relativt stor grad av stabilitet i tilsynet målt ut frå parametrane budsjettrammer, ressursar, oppgåver og samla saksmengde.

Saksmengde er ein sentral måleparameter som leiinga ser på kvartalsvis. Utviklinga i tal journalførte dokument dei siste åra er som følger:

2014: 30 198	2015: 30 803
2016: 30 322	2017: 29 550



Ei endring på berre 650 journalførte dokument på fire år tyder på stabilitet. Stabiliteten er medverkande til at leiinga også har eit godt grunnlag for å kontrollere risikofaktorar.

Tal innsynskrav har auka, og vi var i 2017 oppe i 4 018 slike. Dette krev ressursar. Vi har ikkje eksakte berekningar, men kan anta at det samla sett går med fleire årsverk berre på å handtere innsynskrav.

Mål om heilskapleg styring

Lotteri- og stiftelsestilsynet har i sin «Strategiplan 2015–2020» eit mål om heilskapleg styring, og arbeidet med internkontroll er ein viktig del av dette.

Den overordna risikovurderinga som leiinga gjennomfører årleg, viser at risikobildet gjennomgåande ikkje er kritisk. Det er heller ikkje i 2017 påvist enkeltområde som krev strakstiltak for å handtere risiko. Lotteri- og stiftelsestilsynet gjer greie for sine vurderingar i etatsstyringsmøta med Kulturdepartementet.

Vi har i 2017 innført ny systemløyning for verksemdsstyring. Denne omfattar òg ei løyning for risikovurdering. Systemet er levert av Corporater, som vann anbodskonkurransen. Den nye løyninga var ved utgangen av året i bruk ved planprosessen for 2018.

HMT og arbeidsmiljø

Vi har i 2017 gjennomført medarbeidarundersøking for tredje år på rad med bruk av verktøyet Avant 2.0. Svarprosenten på undersøkinga var 97 %. Samla sett viser undersøkinga ei positiv utvikling samanlikna med målingane dei to føregåande åra. Tabellen viser utvikling i resultat på ein skala frå ein til fem.

Målinga viser at det i tilsynet er gjennomføringsevne og høgt engasjement. Det ser ut til å vere forbettringspotensial på samarbeid utanfor eiga eining og moglegheit for nye utfordringar internt i tilsynet. Undersøkinga avdekte ein

Spørsmål	2015	2016	2017
Engasjement	4,1	4,2	4,2
Gjennomføringsevne	3,9	4	4,2
Min næraste leiar	3,8	3,9	4,2
Vår utvikling og samhandling	3,7	3,9	4,1
Mi utvikling	3,9	4,1	4,3
Rammevilkår	3,9	4,2	4,3
Balanse mellom jobb og fritid	3,8	4,2	4,2
Verksemda	3,7	3,9	4,0
Sum	30,8	32,4	33,5

del avdelingsvise skilnader, og i etterkant har det derfor vore viktig å jobbe med analyse og oppfølging på einingsnivå.

I september arrangerte vi personalsamling med både fagleg og sosialt innhald. Hovudfokus var endring og omstilling samt ein presentasjon av ulike prosjekt ved avdelingane. Ei evaluering i etterkant viste at dei tilsette syntest samlinga var svært bra.

Lotteri- og stiftelsestilsynet gir dei tilsette høve til å trene ein time i veka i arbeidstida. Ein del av velferdsmidlane blir nytta til tiltak for fysisk aktivitet. Ei enkel kartlegging viste at det er svært mange som nyttar denne timen, anten til eigentrening eller til fellestrening. Dei tilsette har i 2017 fått tilbod om treningsrettlegg.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har avtale om bedriftshelseteneste med Stamina Helse. I løpet av 2017 blei det gjennomført ei ergonomi-kartlegging som konkluderte med at det ergonomiske arbeidsmiljøet er overordna bra. I tillegg blei det gjennomført kombinert grunnkurs i arbeidsmiljø for leiargruppa, medlemmer av Arbeidsmiljøutvalet og tillitsvalde. Stamina Helse deltar på alle AMU-møte.

Arbeid med internkontroll

Internkontroll er eit linjeansvar i organisasjonen. Administrasjonen har ansvar for overordna koordinering av internkontrollarbeidet samt for det meste av internkontrollarbeidet på organisasjonsovergrepande nivå. Internkontroll skal omfatte alle område, t.d. fag, administrasjon generelt, drift og beredskap.

Arbeidet med å betre og samkøyre internkontrollarbeidet har halde fram i 2017. Revisjon og utarbeiding av kvalitetsdokument er ein kontinuerleg prosess på alle nivå i organisasjonen. Det står framleis att ein del arbeid før vi er der vi har sett oss som mål å vere når det gjeld internkontroll.

Budsjettstyring

Ei nærare omtale står i årsrekneskapen. Lotteri- og stiftelsestilsynet fører rekneskap etter kontantprinsippet. Erfaringane med bruk av Agresso Planleggar og rapportverktøyet Økonomiinfo er gode.

Riksrevisjonen

Tilbakemeldingane frå Riksrevisjonen er gode. Rekneskapen for 2017 er ikkje ferdig revidert når denne rapporten blir skriven, men oppsummeringa av rekneskapsrevisjonen for året 2016 viser at Riksrevisjonen heller ikkje då hadde merknader til årsrekneskapen eller til disponering av løyvingane.

Rekruttering

Lotteri- og stiftelsestilsynet har også i 2017 hatt lite utskifting av tilsette. Berre to tilsette i faste stillingar har slutta. Vi har jamt over god tilgang på søkarar og har ikkje utfordringar med å tilsette godt kvalifiserte søkarar i utlyste stillingar.

I 2017 har vi hatt ein trainee og to læringar (kontorfag og IKT).

IA-avtalen og oppfølging av sjukefråvær

IA-avtalen og sjukefråvær har fått mykje merksemd frå leiinga. I samarbeid med AMU har vi følgd nøye med på sjukefråværet i 2017 og vil halde fram med det i 2018. Sjukefråværet i 2017 var på 3,1 prosent, det same som i 2016. Vi held dermed fram den positive utviklinga frå 2015, då sjukefråværet var på 6,1 prosent. Dei siste fem åra før 2015 låg vi mellom 3,6 og 4,5 prosent.

Informasjon og dialog

Kvar tredje veke er det gjennomført faste partssamarbeidsmøte (IDF) etter hovudavtalen med dei tillitsvalde. IDF arbeider etter ein årsplan, men tar opp aktuelle saker i løpet av året. Partssamarbeidet blir evaluert årleg, og både arbeidsgivar og tillitsvalde er godt nøgde med samarbeidet. Arbeidsmiljøutvalet har også regelmessige møte, men ikkje så ofte som IDF. I samarbeid med dei tilsette skal vi i 2018 arbeide for eit meir aktivt arbeidsmiljøutval (AMU) og eit tydlegare skilje mellom AMU og IDF. Alle avdelingar har jamlege avdelingsmøte.

Avdelingane utarbeider årlege kompetanseplanar som omfattar både interne og eksterne tiltak. Nokre kompetansetiltak blir gjennomførte for heile organisasjonen, t.d. temadagar om godt språk.

Det er gjennomført obligatorisk medarbeidar-samtale med alle tilsette.

Likestilling


Lotteri- og stiftelsestilsynet arbeider for å fremje likestilling i samsvar med regelverket og har eit bevisst forhold til dette i samband med rekruttering.

Gjennomsnittsalderen i tilsynet er 47 år. Går vi ti år tilbake, var gjennomsnittsalderen 41 år. Dette stadfestar at det er stor grad av stabilitet i arbeidsstokken. Mange tilsette har vore med heilt sidan tilsynet blei oppretta, og har derfor mykje erfaring.

Samfunnstryggleik og beredskap

Beredskapsplanen blei sist revidert i 2016. Planen legg til grunn generelle prinsipp og handlingsplanar/tiltaksliste, og definerer ansvar, varslingsrutinar og kommunikasjon i beredskapssituasjonar. Beredskapsplanen har fokus på oppgåver som må løysast av Lotteri- og stiftelsestilsynet, og på korleis vi skal samarbeide med andre etatar.

Kulturdepartementet tok hausten 2017 initiativ til eit felles løft for å få på plass risiko- og sårbarheitsanalyse på tryggleiks- og beredskapsområdet for sine underliggande etatar. Lotteri- og stiftelsestilsynet ferdigstiller dette arbeidet i samband med denne årsrapporten, og sender resultatet som vedlegg til departementet.

	Totalt		Leiarstillingar		Andre stillingar	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kjønnsfordeling – alle tilsette (i prosent)	52	48	57	43	52	48
Kjønnsfordeling – heiltidstilsette (i prosent)	51	49	57	43	51	49
Kjønnsfordeling – deltidstilsette (i prosent)	100	0	0	0	100	0
Gjennomsnittsløn – faste stillingar (i 1 000 kr)	533	590	834	952	496	556

Tidstjuvar og effektiviseringstiltak

Lotteri- og stiftelsestilsynet har rapportert på temaet tidstjuvar, og Kulturdepartementet har hatt det på saklista ved etatsstyringsmøte.

Digitalisering og utvikling av effektive, brukarvenlege løysingar er høgt prioritert. Det er særleg på dette området Lotteri- og stiftelsestilsynet over tid oppnår effektivisering, både for brukarane våre og for vårt eige arbeid med forvaltning og tilsyn. Eit døme er effektivisering av søknads- og saksprosedyrane på området momskompensasjon.

Program for styring og leiging i staten

Verksemdene skal følge opp regjeringa sitt program for betre styring og leiging i staten 2014–2017. Lotteri- og stiftelsestilsynet deltar på dei møteplassane for leiarar som departementet koordinerer. I styringsdialogen og ved etatsstyringsmøte er tema mål- og resultatstyring og vidareutvikling av m.a. risikostyring.


Lotteri- og stiftelsestilsynet jobbar på fleire måtar med kompetanseutvikling for leiarane, gjennom både fellesopplegg og individuelle kompetansetiltak.

Ytre miljø

Lotteri- og stiftelsestilsynet prioriterer å nytte videokonferansar eller nettmøte når det er mogleg. Møteromma er i dag godt utstyrte med tilgang på videokonferanseutstyr.

Reiseverksemda er relativt stor, særleg for avdeling for pengespel, men likevel mindre enn for ein del år sidan.

Bruken av papir har gått merkbar ned dei seinare åra. Dette ser vi m.a. på innkjøpt mengde papir. Reduksjonen skuldast elektronisk sakshandsaming og ekspedisjon av brev samt større grad av skjermbasert jobbing.



Vurdering av framtida

Vi opplever i stadig sterkare grad at vi blir utfordra av samfunnsendringar og teknologisk utvikling. Eit sentralt mål for oss framover er å jobbe effektivt nok for å klare samfunnsoppdraget vårt.

Vi skal ikkje berre gjere tinga på rett måte internt, men også gjere dei rette tinga for at det skal ha god effekt eksternt. Det krev at vi jobbar godt som organisasjon.

Regjeringa har i stortingsmeldinga «Alt å vinne – ein ansvarleg og aktiv pengespelpolitikk» lagt opp til å vidareføre dagens pengespelmodell. I praksis betyr det at Norsk Tipping og Norsk Rikstoto framleis skal ha einerett på å tilby pengespel. Modellen har brei tilslutning. For Lotteritilsynet betyr dette i stor grad vidareføring av ansvarsområde og oppgåver etter same modell som før.

Teknologisk utvikling innan lotteri- og pengespel

Teknologisk utvikling gir andre og nye moglegheiter innan spelmarknaden, og spelevanane endrar seg. Presset frå den uregulerte pengespelmarknaden vil auke og utfordre den norske einerettsmodellen i sterkare grad framover. Marknaden vil endre form og innhald fort. Det kjem truleg nye spelformer, distribusjonsformer, betalingsformer og andre former for valuta. Vi ser ei rask utvikling i retning av nye konsept som ikkje heilt passar inn i eksisterande definisjon av lotteri og pengespel. Trenden er mellom anna ei samansmelting av lotteri, pengespel, dataspel, sosiale spel og underhaldningsspel. Dette er krevjande for oss som tilsyn, men det er heller ikkje enkelt for folk flest å vite kva som er kva. Ein trygg og ansvarleg pengespelpolitikk vil såleis krevje eit tett samarbeid mellom Lotteri- og stiftelsestilsynet og andre offentlege etatar dersom reguleringa skal fungere etter intensjonen.

Marknadsføring i stadig nye kommunikasjonskanalar vil bli ei aukande utfordring. Økonomisk kriminalitet og svindel av folk, som vi ser tydeleg i pyramidesaker, kjem vi til å få meir av. Vi ser eit aukande omfang av programmatisk annonsar. Derfor er det svært viktig at vi klarer å følge utviklinga og hevar kompetansen.

Vi må også ta høgde for at det kjem endringar i den private marknaden. Vi får dei nye lotterikonsept, forsterka digitalisering av bingomarknaden og andre endringar i distribusjonsformer.

Teknologi og økonomi skapar raske endringar i samfunnet, og dermed også i sektoren vi fører tilsyn med. Dette utfordrar oss som tilsynsorgan. Økonomisk kriminalitet blir også ein aukande del av vårt arbeid, og vi vil i 2019 få nye oppgåver i kampen mot kvitvasking. Kontrollen og oppfølginga med heile marknaden vil auke, og dette blir viktig for samfunnsoppdraget vårt i åra som kjem.

Stiftelsesområdet

Stiftelsane i Noreg forvaltar store verdier i mange ulike sektorar. Det er formålet som eig stiftelsen. Gode vedtekter er derfor viktig, og styret har eit særleg stort ansvar. Ved misleghald er det viktig at Stiftelsestilsynet handlar raskt for å sikre verdiane. Dette vil krevje eit auka samarbeid med andre offentlege aktørar. Ny stiftelseslov er under arbeid i Nærings- og fiskeridepartementet. Ny lov vil truleg føre til behov for endringar i vedtektene for mange stiftelsar. Dette krev at vi får på plass god informasjon og gode brukarvenlege digitale løysningar slik at overgangen blir så smidig som mogleg.

Tilskotsforvaltning

Vi sakshandsamar i dag 2,2 milliardar kroner til frivillig sektor, og dette vil vere ei sentral oppgåve også i åra som kjem. Her er det viktig å halde fram med effektiviseringsarbeidet og finne ein god



balanse mellom effektivitet og kvalitet. Utvikling av effektive og brukarvenlege systemløysingar er prioritert for å sikre at frivillig sektor lukkast i størst mogleg grad.

Digitalisering

Digitalisering og automatisering av arbeidsprosessar skal halde fram, sjølvstøtt basert på risiko- og vesentlegheitsvurderingar og i eit kost/nytte-perspektiv. Digitalisering av arbeidsprosessar frigjer ressursar til tilsyn, kontroll og fag. I året som gjekk har Lotteri- og stiftelsestilsynet på oppdrag frå Kulturdepartementet levert første versjon av ei ny digital løysing for handtering av departementets tilskotsordningar til anlegg for idrett, fysisk aktivitet og kulturbygg. Vi skal vedlikehalde og drifte denne løysinga samt vidareutvikle våre andre registerløysingar og sakshandsamingsverktøy. Våre oppdragsgjevarar og brukarar forventar at vi har brukarvenlege og effektive digitale løysingar. Det vil ha høg prioritet også dei komande åra, noko som viser att i hovudstrategien vår.

Organisasjon, ressurs og prioritering

Vi blir på alle våre fagområde utfordra av samfunnsendringar og teknologisk utvikling. Vi skal bruke ressursane våre rett, og vi skal arbeide på

ein måte som gir størst mogleg effekt. Dette krev at vi til kvar tid spør oss om vi har nødvendig kompetanse i organisasjonen, om vi er rett organisert, og om vi samhandlar godt nok, både internt og eksternt. Vurdering av risiko og vesentlegheit skal ligge til grunn for prioriteringane. Dette sikrar vi gjennom vår tilsyns- og kontrollmetodikk, som også må reviderast i takt med endringane i samfunnet og dei oppgåvene vi skal føre tilsyn med.

Hovudstrategien vår

Strategien vår blir revidert årleg. Så langt i strategiperioden (2015–2020) er våre overordna mål like aktuelle:

- Vi skal satse på brukarvenleg sjølvbetening.
- Vi skal auke produksjonen av kunnskap og formidle dette på våre fagområde.
- Vi skal ha meir tilsyn gjennom fornying og effektivisering.
- Vi skal ha ein attraktiv arbeidsplass med kultur for endring.
- Vi skal ha heilskapleg styring i verksemda.

I framtidsperspektivet som er teikna opp her, ser vi behovet for kortare planperiodar og ein organisasjon som i større grad enn tidlegare kan gjennomføre raske endringar

Ny personvernlov

Til slutt er det klare krav til forvaltninga når det gjeld internkontroll, og dette blir endå meir aktuelt når ny personvernlov trer i kraft i mai 2018. Til saman stiller ulike regelverk omfattande krav til det offentlege. Det krev både kompetanse og stor ressursbruk å ligge i forkant og ikkje på etterskot. Men regelverk og krav er der for å sikre kvalitet og effektivitet i offentleg forvaltning, og i neste omgang gode tenester for brukarane. Lotteri- og stiftelsestilsynet legg derfor stor vekt på dette.



Årsrekneskap 2017 – leiinga sin kommentar



Formål

Lotteritilsynet blei oppretta i 2001, medan Stiftelsestilsynet blei oppretta i 2005. Lotteri- og stiftelsestilsynet er underlagt Kulturdepartementet og er eit ordinært statleg forvaltningsorgan som fører rekneskap etter kontantprinsippet. Tilsynet er statens fagorgan på områda lotteri og pengespel, stiftelsar, momskompensasjon til frivillige organisasjonar og tilsyn med Grasrotandelen.

I del I i årsrapporten er det gitt ein introduksjon til tilsynet og nokre hovudtal for verksemda.

Stadfesting

Årsrekneskapen er levert i tråd med føresegnene om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Kulturdepartementet i instruks om økonomistyring. Eg meiner rekneskapen gir eit dekkande bilde av tilsynet sine disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter og inntekter.



Vurderingar av vesentlege forhold

I 2017 har Lotteri- og stiftelsestilsynet disponert løyvingar på utgiftssida på til saman kr 1 584 306 000. Ordningane for momskompensasjon utgjer kr 1 490 820 000 av tildelingane.

Forbruk er i tråd med plan og budsjett. Vi har hatt meirinntekter på lotteriområdet, og vi har halde oss på plussida på begge driftspostane. Dette gir eit netto mindreforbruk som er søkt overført, jf. rekneskapsførte utgifter i oppstillinga av bevilgningsrapporteringa. Som det går fram av note B, søker tilsynet om å overføre kr 1 651 216 av tildelte midlar på post 01 (5-prosenten), og kr 1 843 903 på post 21 ved å vise til stikkordet «kan overførast».

Av rapporterte utgifter til drift og investeringar på kr 92 703 950 gjekk kr 54 972 345 til løn og sosiale utgifter. Frå 2017 inngår pensjonspremie til SPK, jf. note 2. Lønsdelen av driftsutgiftene var 59,3 prosent. Det er noko lågare enn året før, då lønsdelen var 61,1 prosent.

Som vist i figuren auka driftsutgiftene i 2017. Det er særleg to faktorar som forklarar dette: Posten for varer og tenester har auka, og lønsutgiftene er større, m.a. fordi pensjonspremien, som utgjer nærare kr 5 millionar, er medrekna frå og med 2017.

Vidare blei det i 2017 gjort ein god del større innkjøp til ikt, både maskinvare, programvare og utviklingstenester. Vi har dei seinare åra hatt ein merkbar auke i utgifter til satsing på digitalisering og brukarvenlege løysingar. Systemløysingar, lisensar og vedlikehaldsavtalar er omfattande og samansette, og dei grip inn i alle delar av verksemda. Leiinga er opptatt av at ressursbruken også på dette området må tilpassast tilgjengeleg driftsramme.

Med det forbruket Lotteri- og stiftelsestilsynet har hatt i 2017, og med dei innstrammingane som har blitt gjort i statsbudsjettet, blir overført beløp til 2018 ein god del mindre enn det vi har hatt med som buffer dei siste par åra. Lotteri- og stiftelsestilsynet er finansiert gjennom avgifter, gebyr og refusjonar. Budsjettkravet for 2017 er innfridd. Lotteri- og stiftelsestilsynet har samla sett god stabilitet og tryggleik på dei ulike inntektskomponentane.

Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er revisor og skal stadfeste årsrekneskapen for Lotteri- og stiftelsestilsynet. Årsrekneskapen er per dags dato ikkje ferdig revidert, men revisjonsmeldinga er venta i løpet av andre kvartal i 2018.

Førde, mars 2018

Bjørn Morten Øen, fungerande direktør i Lotteri- og stiftelsestilsynet

Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapen for Lotteri- og stiftelsestilsynet er utarbeidd og levert etter nærare retningslinjer i føresegner om økonomistyring i staten («føresegnene»), fastsett 12. desember 2003 med endringar, seinast 5. november 2015.

Årsrekneskapen er i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.4.1, nærare føresegner i Finansdepartementet sitt rundskriv R-115 og eventuelle tilleggskrav fastsett av eige departement.

Oppstillinga av bevilgningsrapporten omfattar ein øvre del med bevilgningsrapportering og ein nedre del som viser beholdningar som verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Oppstillinga av artskontorrapporten har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar, og ein nedre del som viser grupper av kontoar som inngår i mellomvære med statskassa.

Følger kalenderåret

Oppstillinga av bevilgnings- og artskontorrapporten er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2. – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen.

Rekneskapen følger kalenderåret:

- Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp.
- Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillinga av bevilgnings- og artskontorrapporten er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa er i tråd med krav i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til bevilgningsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Alle statlege verksemdar er knytte til statens konsernkontoordning i Norges Bank i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.7.1. Ordinære forvaltningsorgan (bruttobudsjetterte verksemdar) blir ikkje tilført likviditet gjennom

året. Ved overgang til nytt år blir saldoen nullstilt på den einssilde oppgierskontoen.


Bevilgningsrapporten

Bevilgningsrapporten viser rekneskapstal som Lotteri- og stiftelsestilsynet har rapportert til statsrekneskapen. Informasjonen blir stilt opp etter dei kapittel og postar i bevilgningsrekneskapen som tilsynet har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser finansielle eigedelar og forpliktingar tilsynet står oppført med i statens kapitalrekneskap. Kolonna for samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar kombinasjon av kapittel/post.

Artskontorrapporten

Artskontorrapporten viser rekneskapstal som Lotteri- og stiftelsestilsynet har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar. Verksemda har ein trekkrett for disponible løyvingar på konsernkonto i Norges Bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast og blir derfor ikkje viste som inntekt i oppstillinga.

Note 8 til artskontorrapporten viser skilnader mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa.



Bevilgningsrapport for 2017

Utgiftskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla løyving	Rekneskap 2017	Meirutgift (-) og mindreutgift
0339	Lotteri- og stiftelsestilsynet	01	Driftsutgifter	A, B	80 153 000	79 624 853	528 147
0339	Lotteri- og stiftelsestilsynet	21	Spesielle driftsutgifter	A, B	13 333 000	15 089 097	-1 756 097
0315	Frivillighetsformål	70	Momskomp. frivillige org.	A	1 319 900 000	1 319 822 950	77 050
0315	Frivillighetsformål	82	Momskomp. bygging idrettsanlegg	A	170 920 000	169 302 568	1 617 432
1633	Nettoordning for mva. i staten	01	Driftsutgifter		0	5 828 285	
Sum utgiftsført					1 584 306 000	1 589 667 753	

Inntektskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla løyving	Rekneskap 2017	Meirinntekt og mindreinntekt (-)
3339	Inntekter frå spel, lotteri og stiftelsar	02	Gebyr lotteri	B	6 691 000	7 724 100	1 033 100
3339	Inntekter frå spel, lotteri og stiftelsar	04	Registreringsgebyr stiftelsar	B	259 000	227 790	-31 210
3339	Inntekter frå spel, lotteri og stiftelsar	07	Inntekter ved oppdrag	B	9 200 000	12 800 000	3 600 000
5568	Sektoravgifter under Kulturdepartementet	71	Årsavgift stiftelsar	B	24 164 000	24 285 179	121 179
5568	Sektoravgifter under Kulturdepartementet	73	Refusjon Norsk Tipping og Rikstoto		39 461 000	39 466 000	5 000
5309	Tilfeldige inntekter	29	Ymse		0	887 853	887 853
5700	Arbeidsgivaravgift	72	Arbeidsgivaravgift		0	6 760 881	
Sum inntektsført					79 775 000	92 151 803	

Netto rapportert til bevilgningsrekneskapen **1 497 515 950**

Kapitalkontoar

60075901	Norges Bank KK / innbetalingar	87 527 478
60075902	Norges Bank KK / utbetalingar	-1 584 936 358
703803	Endring i mellomvære med statskassa	-107 071
Sum rapportert		0

Behaldningar rapportert til kapitalrekneskapen (31.12)

		2017	2016	Endring
703803	Mellomvære med statskassa	-2 374 095	-2 267 024	-107 071

Note A Forklaring av samla løyving

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Årets tildelingar	Samla løyving
33901	2 924 000	77 229 000	80 153 000
33921	5 275 000	8 058 000	13 333 000
31570	0	1 319 900 000	1 319 900 000
31582	0	170 920 000	170 920 000

Note B Forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift (-)/ mindreutgift	Utgiftsført av andre i hht. avgitte belastnings- fullmakter (-)	Meirutgift (-)/ mindreutgift etter avgitte belastnings- fullmakter	Meirinntekter / mindre- inntekter (-) iht. meirinntekts- fullmakt (justert for eventuell mva.)	Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå neste års løyving	Inn- sparingar (-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp*	Mogleg overførbart beløp berekna av verksemda
33901		528 147		528 147	1 123 069			1 651 216	3 861 000	1 651 216
33921	«kan overførast»	-1 756 097		-1 756 097	3 600 000			1 843 903		1 843 903
31570		77 050		77 050				o		
31582		1 617 432		1 617 432				o		

*Maksimalt beløp som kan overførast er 5 % av årets løyving på driftspostane 01-29, unntatt post 24 eller sum av dei siste to års løyvingar for postar med stikkordet «kan overførast». Sjå rundskriv R-2/2013 for meir informasjon om overføring av ubrukte løyvingar.

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Stikkordet «kan overførast»

Verksemda si løyving på kapittel/post 33921 er gitt med stikkordet «kan overførast». Beløpet kjem frå tildelingar gitt innanfor dei to siste budsjettåra, og verksemda lar beløpet inngå som ein del av mogleg overførbart beløp.

Romertalsvedtak

Det er knytt meirinntektsfullmakt til kapittel/post 33901, jf. Prop 1 S (2016-2017). Løyvinga under kapittel/post 33901 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kapittel/post

333902, 333904 og 556871. Det er knytt meirinntektsfullmakt til kapittel/post 33921, jf. Prop 1 S (2016-2017). Løyvinga under kapittel/post 33921 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kapittel/post 333907. Ubrukte meirinntekter kan reknast med ved utrekning av overførbare beløp.

Mogleg overførbart beløp

Lotteri- og stiftelsestilsynet si ubrukte løyving på kapittel/post 33901 er til saman kr 1 651 216, og dette blir rekna som mogleg overføring til neste budsjettår ut

frå 5 %-regelen. Beløpet som står på kapittel/post 33921, kan overførast i sin heilskap, då stikkordet «kan overførast» er knytt til kapittel/post. Beløpet inngår i berekninga av mogleg overførbart beløp til neste år. Det er ikkje aktuelt å overføre midlar til neste år frå andre utgiftspostar, då desse løyvingane ikkje er overførbare. Mogleg overføring til neste år er ei berekning, og Lotteri- og stiftelsestilsynet får tilbakemelding frå overordna departement om endeleg beløp.

Løyvingane under kapittel/post 31570 og 31582 er ikkje overførbare.

Artskontorrapport for 2017

	Note	2017	2016
Driftsinntekter rapportert til bevilgningsrekneskapen			
Innbetalinger frå gebyr	1	71 695 059	71 759 590
Andre innbetalinger	1	12 805 000	15 670 519
Sum innbetalinger frå drift		84 500 059	87 430 109
Driftsutgifter rapportert til bevilgningsrekneskapen			
Utbetalinger til løn	2	54 972 345	47 359 735
Andre utbetalinger til drift	3	35 539 838	30 200 680
Sum utbetalinger til drift		90 512 183	77 560 415
Netto rapporterte driftsutgifter		6 012 125	-9 869 694
Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilgningsrekneskapen			
Utbetaling til investeringar	5	2 186 922	881 423
Utbetaling av finansutgifter	4	4 845	2 138
Sum investerings- og finansutgifter		2 191 767	883 561
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		2 191 767	883 561
Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	6	797 735	538 417
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten		797 735	538 417
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten			
Utbetalinger av tilskot og stønader	7	1 491 135 518	1 486 937 999
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten		1 491 135 518	1 486 937 999
Inntekter og utgifter rapportert på felleskapittel			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		93 128	95 141
Arbeidsgivaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		6 760 881	5 812 145
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		5 828 285	4 229 383
Netto rapporterte utgifter på felleskapittel		-1 025 724	-1 677 903
Netto rapportert til bevilgningsrekneskapen		1 497 515 951	1 475 735 545
Oversikt over mellomvære med statskassa			
Eigedelar og gjeld		2017	2016
Lån til tilsette		62 581	0
Skuldig skattetrekk		-1 962 075	-2 141 482
Skuldig meirverdiavgift		-462 363	-128 576
Annan kortsiktig gjeld		-12 238	3 034
Sum mellomvære med statskassa	8	-2 374 095	-2 267 024

Notar

Note 1 Inntekter rapportert til bevilgningsrekneskapen

	2017	2016
Innbetalinger frå gebyr, avgifter og refusjonar		
Gebyr lotteri	7 724 100	8 823 850
Sakshandsamingsgebyr samvirkelova	42 000	0
Registreringsgebyr stiftelsar	185 790	162 900
Årsavgift stiftelsar *	24 282 169	24 369 840
Refusjon Norsk Tipping	36 963 118	35 972 000
Refusjon Norsk Rikstoto	2 497 882	2 431 000
Sum innbetalinger frå gebyr	71 695 059	71 759 590
Andre innbetalinger		
Administrasjon av ordningane for momskompensasjon	0	8 129 000
Oppdrag utvikling av anleggsregister	4 200 000	0
Handlingsplan mot speleproblem	6 050 000	5 035 000
Nasjonalt plattform mot kampfiksing	2 550 000	2 500 000
Anna inntekt	5 000	6 519
Sum andre innbetalinger	12 805 000	15 670 519
Sum innbetalinger frå drift	84 500 059	87 430 109

* Årsavgift er ført på ny artskonto frå 2015. Sjå note 6.

Note 2 Utbetalinger til løn

	2017	2016
Løn	43 123 929	41 523 876
Arbeidsgivaravgift	6 760 881	5 812 145
Pensjonsutgifter*	4 980 896	0
Sjokepengar og andre refusjonar (-)	-1 250 082	-1 504 297
Andre ytingar	1 356 722	1 528 011
Sum utbetalinger til løn	54 972 345	47 359 735
Tal årsverk:	67	68

*Verksemder som er omfatta av rundskriv R-118 betaler frå og med 1. januar 2017 pensjonspremie til SPK. For 2017 er arbeidsgivar sin del av pensjonspremien sett til 12 prosent.

Note 3 Andre utbetalinger til drift

	2017	2016
Husleige	5 962 512	5 658 577
Vedlikehold og ombygging av leigde lokale	222 079	64 652
Andre utgifter til drift av eidegom og lokale	1 215 057	1 230 900
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr m.m.	368 193	272 915
Mindre utstyrsinnkjøp	453 068	531 127
Leige av maskiner, inventar og liknande	6 161 982	3 855 359
Kjøp av framande tenester	12 560 436	10 241 868
Reiser og diett	3 340 465	3 292 292
Andre driftsutgifter	5 256 045	5 052 991
Sum andre utbetalinger til drift	35 539 838	30 200 680

Note 4 Finansutgifter

	2017	2016
Utbetaling av finansutgifter		
Renteutgifter	4 845	2 138
Sum utbetaling av finansutgifter	4 845	2 138

Note 5 Utbetaling til investeringar

	2017	2016
Utbetaling til investeringar		
Inventar, datamaskiner (serverar m.m.)	2 186 922	881 423
Sum utbetalt til investeringar	2 186 922	881 423

Note 6 Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten

	2017	2016
Avgifter stiftelsesområdet *	3 010	6 055
Renteinntekter	0	376
Tilfeldige og andre inntekter	794 725	531 986
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten	797 735	538 417

* Årsavgift er ført på ny artskonto frå 2015. Sjå note 1.

Note 7 Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten

	2017	2016
Momskompensasjon frivillige organisasjonar	1 319 822 950	1 293 419 000
Momskompensasjon bygging av idrettsanlegg	169 302 568	191 918 999
Tilskot handlingsplan mot speleavhengigheit	2 010 000	1 600 000
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten	1 491 135 518	1 486 937 999

Note 8 Samanheng mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa

Del A Skilnaden mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa

	31.12.2017 Spesifisering av bokført avrekning med statskassa	31.12.2017 Spesifisering av rapportert mellomvære med statskassa	Skilnad
Omløpsmidlar			
Kundefordringar	583 436	0	583 436
Lån til tilsette	62 581	62 581	0
Sum	646 017	62 581	583 436
Kortsiktig gjeld			
Skuldig skattetrekk	-1 962 075	-1 962 075	0
Skuldig meirverdiavgift	-462 363	-462 363	0
Annan kortsiktig gjeld	-12 238	-12 238	0
Sum	-2 436 676	-2 436 676	0
Sum	-1 790 659	-2 374 095	583 436



Lotteri- og
stiftelsestilsynet

Storehagen 1B - Postboks 800, 6805 Førde
Tlf.: 57 82 80 00
postmottak@lottstift.no
lottstift.no





LOTTERI- OG STIFTELSESTILSYNET

Org. nr.: 982391490

Riksrevisjonens beretning

Til Lotteri- og stiftelsestilsynet

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Riksrevisjonen har revidert Lotteri- og stiftelsestilsynets årsregnskap for 2017. Årsregnskapet består av ledelseskommentarer og oppstilling av bevilgnings- og artskontorrapportering, inklusiv noter til årsregnskapet for regnskapsåret avsluttet per 31. desember 2017.

Bevilgnings- og artskontorrapporteringen viser at 1 497 515 950 kroner er rapportert netto til bevilgningsregnskapet.

Etter Riksrevisjonens mening gir Lotteri- og stiftelsestilsynets årsregnskap et dekkende bilde av virksomhetens disponible bevilgninger, inntekter og utgifter i 2017 og av mellomværende med statskassen per 31. desember 2017, i samsvar med regelverk for statlig økonomistyring.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig revisjon (ISSAI 1000–2999). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet under «Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet». Vi er uavhengige av virksomheten slik det kreves i lov og instruks om Riksrevisjonen og de etiske kravene i ISSAI 30 fra International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAI's etikkregler), og vi har overholdt de øvrige etiske forpliktelsene våre i samsvar med disse kravene og INTOSAI's etikkregler. Etter vår oppfatning er revisjonsbevisene vi har innhentet tilstrekkelige og hensiktsmessige som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon i årsrapporten

Ledelsen er ansvarlig for årsrapporten, som består av årsregnskapet (del VI) og øvrig informasjon (del I–V). Riksrevisjonens uttalelse omfatter revisjon av årsregnskapet og virksomhetens etterlevelse av administrative regelverk for økonomistyring, ikke øvrig informasjon i årsrapporten (del I–V). Vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese den øvrige informasjonen i årsrapporten. Formålet er å vurdere om det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen, årsregnskapet og kunnskapen vi har opparbeidet oss under revisjonen. Vi vurderer også om den øvrige informasjonen ser ut til å inneholde vesentlig feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon, er vi pålagt å rapportere dette i revisjonsberetningen. Det er ingenting å rapportere i så måte.

Ledelsens og det overordnede departementets ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide et årsregnskap som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverk for økonomistyring i staten. Ledelsen er også ansvarlig for å etablere den interne kontrollen som den mener er nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Det overordnede departementet har det overordnede ansvaret for at virksomheten rapporterer relevant og pålitelig resultat- og regnskapsinformasjon og har forsvarlig internkontroll.

Riksrevisjonens oppgaver og plikter

Målet med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som gir uttrykk for Riksrevisjonens konklusjon. Betryggende sikkerhet er et høyt sikkerhetsnivå, men det er ingen garanti for at en revisjon som er utført i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig revisjon (ISSAI 1000–2999), alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir ansett som vesentlig dersom den, enkeltvis eller samlet, med rimelighet kan forventes å påvirke de beslutningene brukere treffer på grunnlag av årsregnskapet.

Vi utøver profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen, i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og ISSAI 1000–2999.

Vi identifiserer og anslår risikoene for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten den skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Videre utformer og gjennomfører vi revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer og innhenter tilstrekkelig og hensiktsmessig revisjonsbevis som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon ikke blir avdekket, er høyere for feilinformasjon som skyldes misligheter, enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil. Grunnen til det er at misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, feilpresentasjoner eller overstyring av intern kontroll.

Vi gjør også følgende:

- opparbeider oss en forståelse av den interne kontrollen som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om hvor effektiv virksomhetens interne kontroll er
- evaluerer om regnskapsprinsippene som er brukt, er hensiktsmessige, og om tilhørende opplysninger som er utarbeidet av ledelsen, er rimelige
- evaluerer den totale presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene
- evaluerer om årsregnskapet representerer de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et dekkende bilde

Vi kommuniserer med ledelsen og informerer det overordnede departementet, blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og når revisjonsarbeidet skal utføres. Vi vil også ta opp forhold av betydning som er avdekket i løpet av revisjonen, for eksempel svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Når det gjelder forholdene som vi tar opp med ledelsen og informerer det overordnede departementet om, tar vi standpunkt til hvilke som er av størst betydning ved revisjonen av årsregnskapet, og avgjør om disse skal regnes som sentrale forhold ved revisjonen. De beskrives i så fall i et eget avsnitt i revisjonsberetningen, med mindre lov eller forskrift hindrer offentliggjøring. Forholdene omtales ikke i beretningen hvis Riksrevisjonen beslutter at det er rimelig å forvente at de negative konsekvensene av en slik offentliggjøring vil være større enn offentlighetens interesse av at saken blir omtalt. Dette vil bare være aktuelt i ytterst sjeldne tilfeller.

Dersom vi gjennom revisjonen av årsregnskapet får indikasjoner på vesentlige brudd på administrative regelverk for økonomistyring, gjennomfører vi utvalgte revisjonshandlinger for å kunne uttale oss om hvorvidt det er vesentlige brudd på slike regelverk.

Konklusjon knyttet til administrative regelverk for økonomistyring

Vi uttaler oss med moderat sikkerhet om hvorvidt vi er kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene på en måte som i vesentlig grad strider mot administrative regelverk for økonomistyring. Uttalelsen bygger på ISSAI 4000-serien for etterlevelsesrevisjon. Moderat sikkerhet for uttalelsen oppnår vi gjennom revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi finner nødvendige.

Basert på revisjonen av årsregnskapet og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til ISSAI 4000-serien, er vi ikke kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene i strid med administrative regelverk for økonomistyring.

Oslo; 20.04.2018

Etter fullmakt

Tor Digranes
ekspedisjonssjef

Harald Haugen
avdelingsdirektør

Brevet er ekspedert digitalt og har derfor ingen håndskreven signatur